



FJELL KOMMUNE

Ordføreren

330.00

Det Kongelige Barne- og Familiedepartement
v/ Statsråd Laila Dåvøy
Postbok 8036 Dep
0030 OSLO

2004/04169
- 514

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksh. – tlf	Ark. kode	Dato
	04/03359-8	Trond Birkelund - 56 32 64 63	211	10.01.05

Retningslinjer for barnehageutbygginga m.m.


Vi viser til hyggeleg og interessant møte her i Fjell rådhus den 13. desember 2004.

Som avtalt sender vi aktuelle kommunestyresaker knytt til arbeidet med barnehagereforma. Vi sender og med kopi av Fjell kommune sin høyringsuttale til ny barnehagelov.

Fjell kommune stiller seg positiv til å bidra i arbeidet med barnehagerforma.

Med helsing

Jan O. Eriksen
ordfører


Steinar Nesse
konst. rådmann

- Vedlegg: 1. Høyringsuttale
2. Sak om likeverdige driftsvilkår for kommunale og private barnehagar
3. Sak om utbygging av barnehagar
4. Sak om retningslinjer for barnehageutbygginga

**SAKSDOKUMENT**

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Komite for finans og forvaltning	18.01.05
	Kommunestyret	17.02.05

Framlegg ny barnehagelov - høyringsuttale**Samandrag av saka:**

Saka gjeld framlegg til ny barnehagelov der kommunane er invitert til å kome med innspel. Høyringsfrist er 10. januar. Rådmannen har søkt om utsett høyringsfrist då det i 2005 korkje er komitemøte eller kommunestyremøte før fristen. Barne- og Familedepartementet har gjeve avslag på søknaden. Uttalen må difor sendast før politisk handsaming, og politiske vedtak må sendast departementet i etterkant. Departementet vil likevel så langt det er mogleg ta omsyn til innspel i den perioden dei arbeidar med innsende høyringsuttaler.

Uttalen tek for seg viktige område som krav til bemanning, kommunane sin moglegheit til å styre etablering og utvikling av barnehagesektoren og omlegging av ansvaret for tilsyn med drift av barnehagane.

I uttalen går ein inn for betre styringsverktøy til kommunane med tanke på ein balansert og variert utbygging av barnehagar i tråd med behov, og større fridom for kommunane til å setje eigne kvalitetskrav for barnehagesektoren.

Innstilling:

Straume, den

Steinar Nesse
konst. rådmann

Trond Birkelund
rådgjevar

Dokument i saka:

11.11.04	Høyringsnotat om ny barnehagelov	Det kongelige barne- og familiedepartement
15.12.04	Høyringsnotat om ny barnehagelov - Søknad om endra høyringsfrist	Det kongelige barne- og familiedepartement
16.12.04	Vedk. utsett høyringsfrist for barnehagelov	Barne- og familiedepartementet
21.12.04	Ny barnehagelov - høyring	Til private barnehagar
06.01.05	Høyringsuttale vedk. om ny barnehagelov	Samarbeidutvalet Sotraheimen barnehage

Dokument vedlagt saka:

Høyringsuttale frå samarbeidsutvalet i Sotraheimen barnehage

Saksopplysningar:

Innleiing

Fjell kommune mottok den 11. november 2004 høyringsnotat om ny barnehagelov. Frist for uttale var sett til 10. januar 2005. I samtale med fylkesmannen kom det fram at mange kommunar hadde meldt inn at dei ikkje klarte å fremje høyringa politisk innan fristen grunna mellom anna budsjettarbeid m.m. Dette gjeld og for Fjell kommune. Rådmannen søkte difor Barne- og Familiedepartementet om utsetjing av høyringsfrist til etter komitemøta 18. januar. Dette vart ikkje innvilga av omsyn til departementet sine fristar overfor Stortinget. Departementet opna for at innspel etter fristen kunne kome med så lenge dei arbeidde med innkomne uttaler. Dei ville likevel ikkje gå antere at for seint innkomne innspel kom med. Rådmannen har difor i samråd med ordførar valt å sende inn uttale før politisk behandling og sende politiske vedtak i etterkant.

Høyringsnotatet til ny barnehagelov er omfattande. Eit sentralt tema er om ein skal behalde sentrale normer for barnehagane eller om ein skal gje kommunane større fridom og råderett. Det vert lagt opp til at ansvaret for finansieringa av barnehagesektoren om kort tid vert overført til kommunane. Kommunane skal framleis ha ansvar for godkjenning av barnehagar. Det direkte tilsynsansvaret overfor barnehagane skal kommunane no ha aleine. Fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane si rolle som barnehagemynde og ikkje lenger ha direkte tilsynsansvar med den enkelte barnehage.

I saka vil det primært bli gjeve innspel til dei punkt som er viktig for Fjell kommune si rolle som barnehagemynde i kommunen.

Alle barnehagar i kommunen har fått tilbod om å kome med innspel til høyringa. Det er berre kome inn uttale frå samarbeidsutvalet ved Sotraheimen kommunale barnehage. Innhaldet frå denne vert ikkje handsama i saka, men uttala vil følgje som vedlegg til kommunen si uttale.

Høyringsnotat om ny barnehagelov finn ein på internett på følgjande adresse:
<http://odin.no/bfd/barnehagereformen>

Viktige område i lovframlegget:

- § 8 - Gjeld kommunen sitt ansvarsområde
- § 10 - Gjeld kommunen sitt ansvar med godkjenning av barnehagar
- § 16 - Gjeld endringar i ansvaret med tilsyn av barnehagar
- § 18 - Gjeld utdanningskrav til den pedagogiske leiinga av ein barnehage
- § 19 - Gjeld krav og norm til anna personale i barnehagen

§ 8 Kommunens ansvar

Kommunen er lokal barnehagemyndighet og skal sikre at barnehagene drives i samsvar med gjeldende lover og regelverk.

Kommunen har plikt til å sørge for at det finnes et tilstrekkelig antall barnehageplasser for barn under opplæringspliktig alder. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpasses lokale forhold og behov.

Kommunen har ansvaret for at barnehagetilbudet til samiske barn bygger på samisk språk og kultur.

Hver kommune skal opprette og føre register til bruk for trygdekontorene i forbindelse med kontroll av beregning og utbetaling av kontantstøtte etter kontantstøtteleven. Registeret kan samkjøres mot trygdekontoets register over mottakere av kontantstøtte. Departementet gir forskrifter med utfyllende bestemmelser om føringen av registeret, hvilke opplysninger registeret skal inneholde og behandlingen av dette.

§ 10 Godkjenning

Kommunen avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jfr. §§ 1 og 2.

Godkjente virksomheter skal være registrert i Enhetsregisteret.

Kommunen kan sette vilkår for godkjenningen med hensyn til antall barn, barnas alder og oppholdstid.

Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

§ 16 Tilsyn og veiledning

Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov. Kommunen skal gi veiledning til barnehagar og kan gi pålegg om retting av uforvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering. Vedtak om retting og stenging kan påklages til fylkesmannen.

§ 18 Ledelse

Alternativ A

Barnehagen skal ha en forsvarleg pedagogisk og administrativ ledelse.

Barnehagen skal ha en daglig leder.

Alternativ B

Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse.

Barnehagen skal ha en daglig leder som har utdanning som førskolelærer eller annen treårig pedagogisk utdanning på høgsolenivå med tillegg av ett års (60 studiepoeng) videreutdanning i barnehagepedagogikk.

Når barnehage og grunnskole er organisert som en mindre virksomhet, kan skolens rektor være daglig leder for barnehagen.

Kommunen kan innvilge dispensasjon fra utdanningskravet etter andre ledd.

Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

Departementet gir nærmere forskrifter.

§ 19 Barnehagens øvrige personale

Alternativ A

Bemanningen skal bestå av førskolelærere og annet egnet personale.

Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.

Likeverdig med førskolelærerutdanning er annen treårig pedagogisk utdanning på høgsolenivå med tillegg av ett års (60 studiepoeng) videreutdanning i barnehagepedagogikk.

Kommunen kan gi dispensasjon fra utdanningskravet i første ledd. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

Departementet gir forskrifter om dispensasjon og om unntak fra utdanningskravet for personale som arbeider i barnehagen på nattid.

Departementet gir utfyllende forskrifter om pedagogisk bemanning.

Dagens norm om pedagogtetthet videreføres i forskrift.

Alternativ B

Som alternativ A, men med en felles norm i forskriften på en førskolelærer per 10-14 barn som er tilstede samtidig.

Alternativ C

Bemanningen skal bestå av førskolelærere og annet egnet personale.

Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.

Likeverdig med førskolelærerutdanning er annen treårig pedagogisk utdanning på høgsolenivå med tillegg av ett års (60 studiepoeng) videreutdanning i barnehagepedagogikk.

Barnegruppene skal ha en størrelse som er hensiktsmessig ut fra barnas alder og forutsetninger.

Kommunen kan gi dispensasjon fra utdanningskravet i første ledd. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

Departementet gir forskrifter om dispensasjon og om unntak fra utdanningskravet for personale som arbeider i barnehagen på nattid.

Alternativ D

Bemanningen skal være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.

Barnegruppene skal ha en størrelse som er hensiktsmessig ut fra barnas alder og forutsetninger.

Høyringsuttale:

Fjell kommune er positiv til intensjonane i framlegga til ny barnehagelov. Kommunane har fått aukande oppgåver og ansvar på barnehageområdet. Fjell kommune er nøgd med at det vert lagt opp til større fridom for kommunane når det gjeld organisering og utforming av barnehagetilbodet. Dette er særleg viktig sidan det går fram av høyringsnotatet at ansvaret for finansieringa av barnehagane innan kort tid vil bli overført til kommunane.

Fjell kommune har følgjande merknader til enkelte paragrafar i høyringsnotatet:

§ 8 Kommunens ansvar.

Sidan kommunane er lokal barnehagemynde, og i tillegg kan vere eigar av barnehagar bør det klårare gå fram når loven viser til kommunen som barnehagemynde. Overskrifta på § 8 bør endrast til "Kommunen sitt ansvar som barnehagemynde".

Fjell kommune ser positivt på at det ikkje er lagt opp til nye pålegg om å ha ein bestemt dekningsprosent for full barnehagedekning, men at dette kan fastsetjast lokalt ut frå faktiske behov.

§ 10 Godkjenning

Kommunane vil etterkvart få plikt til å sørgje for full barnehagedekning. Dei har og plikt til å godkjenne alle barnehagar som fyllar krava i lover og retningslinjer. I høyringsnotatet er det ikkje lagt opp til endringar i dette. Her ligg ein viss fare for overetablering av nye barnehagar med påfølgjande konkursar innan sektoren. Dette vil vere uheldig både for barn, foreldre og eigarar. Kommunane har i mange år gjeve kommunale garantiar til private barnehagar. I verste fall må desse bli innfridd med dei økonomiske konsekvensane det vil kunne få for kommunane.

Manglande styringsverktøy for kommunane som barnehagemynde vil og gjere det vanskeleg å sikre eit variert barnehagetilbod. Utan betre styringsverktøy vil det vere heilt tilfeldig om ein kan gje foreldre og barn val mellom barnehagar med til dømes ulikt pedagogisk innhald.

Fjell kommune meiner kommunane må få ein rett til å kunne avslå nyetablering av barnehagar i kommunen når behovet ikkje er til stades. Dette gjeld både etablering, sett i forhold til overkapasitet, og for å kunne sikre eit variert tilbod. Utan eit slikt verktøy vert det vanskeleg å innfri innhaldet i § 8, *"Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpassast lokale forhold og behov"*.

§ 16 Tilsyn og veiledning

Fjell kommune meiner det er rett å skilje tilsynsoppgåvene for barnehagesektoren slik det går fram av høyringsnotatet ved at kommunane fører tilsyn med den enkelte barnehage, og at fylkesmannen fører tilsyn med korleis kommunane utfører sine oppgåver.

Fjell kommune er nøgd med at det ikkje vert lagt opp til detaljregulering av tilsynsfunksjonen.

§ 18 Ledelse

Det er fleire krav som må setjast til leiar av ein barnehage. Ei viktig oppgåve er den pedagogiske leiarfunksjonen, medan andre oppgåver krev anna kompetanse innan område som administrasjon, økonomi og strategisk planlegging.

Spørsmål om krav til pedagogisk kompetanse for leiarar i barnehagane er særskild aktuelt for tida, jfr mediedebatt om at barna tidlegare må tileigne seg kunnskapar innan skulefag som til dømes matematikk. Dette er ei understreking av barnehagen som ein enno viktigare læringsarena i framtida.

Fjell kommune trur foreldre, på bakgrunn av auka fokus på barnehagen som læringsinstitusjon, vil velje vekk barnehagar som senkar krava til pedagogisk leiing. Dette vil vere mogleg når ein oppnår full barnehagedekning. Fjell kommune kan ikkje sjå at det lengre er naudsynt å stille krav til førskulelærarutdanning i lova, og tilrår alternativ A som beste løysing for å sikre god leiing i barnehagane. Dette alternativet vil og gjere kommunen sine oppgåver enklare ved at ein slepp søknader om dispensasjonar for leiarar.

§ 19 Barnehagens øvrige personale

Fjell kommune kan heller ikkje her sjå at det skal vere naudsynt med faste normer for bemanning. Grunngevinga for dette er mykje dei same som kommentarane under § 18. Kommunane vil då få sjansen til å lage egne kvalitetskrav med fokus på lokale tilhøve og kvalitet der intensjonen må vere å gjere barnehagane enno betre. Ein vil difor tilrå alternativ D.

Dersom den nye lova likevel vil få normkrav bør dette vere minimumsnormer. Det må i tillegg vere mogleg for den politiske barnehagemynden i kommunane å setje høgare kvalitetskrav både til kommunale og private barnehagar ut frå nivået på den kommunale finansieringa.

Saka vert lagt fram utan innstilling.

**SAKSDOKUMENT**

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
065/04	Komite for finans og forvaltning	24.08.04
077/04	Komite for finans og forvaltning	14.09.04
111/04	Kommunestyret	30.09.04

Rapport - Utval for likeverdige driftsvilkår for kommunale og private barnehagar**Samandrag av saka:**

Rapporten frå Utval for likeverdige driftsvilkår for kommunale og private barnehagar er no klar for handsaming. Utvalet har vurdert ulike modeller som kan sikre likeverdige driftsvilkår. Konklusjonen frå utvalet er at kommunen må nytte ein enkel metode der ein utrekna stykkpris basert på ein heil basisplass i kommunal barnehage vert lagt til grunn for utbetaling av kommunale tilskot til private barnehagar. Det vert gjort framlegg om å sende rapporten ut på høyring.

Innstilling:

Komite for finans og forvaltning vedtek:

1. Komite for finans og forvaltning tek førebels rapport frå Utval for likeverdige driftsvilkår for kommunale og private barnehagar til orientering.
2. Rapporten vert å sende på høyring med høyringsfrist torsdag den 9. september 2004

Straume, den 17.08.2004

Steinar Nesse
konst. rådmann

Trond Birkelund
rådgjevar

Handsama i Komite for finans og forvaltning - 24.08.2004:

Under drøftingane kom det fram at komiteen ønskjer utfyllande opplysningar til rapporten som følgjer:

- Kildetilvisingar på internett
- Tilvisingar i budsjettet på dei respektive tenestekonto
- Nærare forklaring på skjønsrelaterte kostnader
- Spesifisert oversikt over overordna oppgåver for heile barnehagesektoren.

Rapporten skal rettast opp før saka vert sendt på høyring.
Rådmannen si innstilling vart vedteken samrøystes.

Vedtak i Komite for finans og forvaltning - 24.08.2004:

Komite for finans og forvaltning vedtek:

1. Komite for finans og forvaltning tek førebels rapport frå Utval for likeverdige driftsvilkår for kommunale og private barnehagar til orientering.
2. Rapporten vert å sende på høyring med høyringsfrist torsdag den 9. september 2004

Handsama i Komite for finans og forvaltning - 24.08.2004:

Under drøftingane kom det fram at komiteen ønskjer utfyllande opplysningar til rapporten som følgjer:

- Kildetilvisingar på internett
- Tilvisingar i budsjettet på dei respektive tenestekonto
- Nærare forklaring på skjønsrelaterte kostnader
- Spesifisert oversikt over overordna oppgåver for heile barnehagesektoren.

Rapporten skal rettast opp før saka vert sendt på høyring.
Rådmannen si innstilling vart vedteken samrøystes.

Vedtak i Komite for finans og forvaltning - 24.08.2004:

Komite for finans og forvaltning vedtek:

3. Komite for finans og forvaltning tek førebels rapport frå Utval for likeverdige driftsvilkår for kommunale og private barnehagar til orientering.
4. Rapporten vert å sende på høyring med høyringsfrist torsdag den 9. september 2004

Handsama i Komite for finans og forvaltning - 14.09.2004:

Etter framlegg frå leiaren vart Anita Garlid Johannessen samrøystes oppnemnt som saksordførar for denne saka i kommunestyret.

Leiaren fremja rådmannen si tilråding til vedtak som følgjer:

Kommunestyret vedtek:

1. Kommunestyret viser til Reeutvalet sin rapport, dagsett 27.august 2004, og legg tilskotsmodellen til grunn for fordeling av kommunale midlar til kommunale og private barnehagar.
2. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å føreta endeleg utrekning av tilskot og å gjennomføre naudsynte budsjettendringar.
3. Kommunestyret visar til innkomne høyringsframlegg og ber Reeutvalet vurdere om Fjell kommune sine reglement for barnehagesektoren bør endrast på ulike punkt. Eventuelle framlegg til endringar må fremjast som eiga sak til kommunestyret.

Framlegget vart samrøystes tilrådd.

Tilråding i Komite for finans og forvaltning - 14.09.2004:

Kommunestyret vedteke:

1. Kommunestyret viser til Reeutvalet sin rapport, dagsett 27.august 2004, og legg tilskotsmodellen til grunn for fordeling av kommunale midlar til kommunale og private barnehagar.
2. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å føreta endeleg utrekning av tilskot og å gjennomføre naudsynte budsjettendringar.
3. Kommunestyret visar til innkomne høyringsframlegg og ber Reeutvalet vurdere om Fjell kommune sine reglement for barnehagesektoren bør endrast på ulike punkt. Eventuelle framlegg til endringar må fremjast som eiga sak til kommunestyret.

Handsama i Kommunestyret - 30.09.2004:

Framlegg frå John Morten Øvrebø (SV) til nytt pkt. 1:

”Kommunestyret viser til Reeutvalet sin rapport, dagsett 27. august 2004, og vedtek denne med ei nytt punkt som lyder:

Fjell kommune må inngå avtale med kvar privat barnehage. Til grunn for desse avtalene må liggje følgjande vilkår for tildeling av kommunalt tilskot:

- Kommunalt tilskot skal berre gå til barn busett i Fjell. Vi kan inngå avtale med nabokommunane som tek opp dette problemet.
- Tariffavtaler og pensjonsordning for tilsette i barnehagane må vere på plass.
- Eigar av privat barnehage, som får pengar frå fellesskapet, kan ikkje ta ut utbytte frå overskot på drifta av barnehagen.
- Barnehagane må tilby det talet på plassar som dei mottok større for ti år framover. Dette er naudsynt for at Fjell kommune til ei kvar tid skal kunne tilby barnehageplass til alle som søker, sikre full behovsdekning.

- Sjølv om ein legg ein stykkprismodell til grunn må ein i avtalen med den einskilde barnehage ta omsyn til kapitalkostnader, om barnehagen er ny eller gamal.”

Det vart røysta alternativt over John Morten Øvrebø sitt framlegg og pkt. 1 i tilrådinga frå komite for finans og forvaltning med følgjande resultat:

John Morten Øvrebø sitt framlegg til pkt.1 fekk 4 røyster, SV og Harald Justad (AP)
Komite for finans og forvaltning sitt framlegg til pkt.1 fekk 41 røyster.

Pkt. 2 i tilrådinga frå komite for finans og forvaltning vart vedteke samrøystes.

Pkt. 3 i tilrådinga frå komite for finans og forvaltning vart vedteke samrøystes.

Framlegg frå Vidar Arnesen (FrP) om tilleggssetning til pkt. 3:

”Dette gjeld særleg inntaket av barn berre frå Fjell kommune.”
(Setninga skal inn før siste setning.)

Framlegget fekk 18 røyster og fall. (FrP, SV, Kjell Rune Garlid frå SL og Harald Justad frå AP)

Jorunn Småbrekke Gjersvik (SP) opprettheldt mindretalsframlegg i Reeutvalet si innstilling, pkt. 7: ”Fjell kommune vil oppfordre alle barnehagar om å innføre pensjonsordningar for sine tilsette.”

Framlegget fekk 7 røyster og fall. (SP, SV og Harald Foldnes Justad, Harald Jan Kårtveit og Kjell Einar Sæther frå AP)

Vedtak i Kommunestyret - 30.09.2004:

Kommunestyret vedtek:

1. Kommunestyret viser til Reeutvalet sin rapport, dagsett 27.august 2004, og legg tilskotsmodellen til grunn for fordeling av kommunale midlar til kommunale og private barnehagar.
2. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å føreta endeleg utrekning av tilskot og å gjennomføre naudsynte budsjettendringar.
3. Kommunestyret viser til innkomne høyringsframlegg og ber Reeutvalet vurdere om Fjell kommune sine reglement for barnehagesektoren bør endrast på ulike punkt. Eventuelle framlegg til endringar må fremjast som eiga sak til kommunestyret.

Dokument i saka:

08.03.2004	Mandat	Til Utvalsmedlemmane
08.03.2004	Referat	
16.03.2004	Referat fra møte den 10.03.04	
16.03.2004	Invitasjon til møte	PBL -barnehagane
25.03.2004	Likeverdige driftsvilkår - Innkalling til møte den 29.03.04	Utval for likeverdige driftsvilkår
31.03.2004	Invitasjon til møte med utval for likeverdige driftsvilkår	Familiebarnehagane og kortidsbarnehagane
14.04.2004	Innkalling til møte den 19.04 - Utval for likeverdige driftsvilkår	Til Utvalsmedlemmane
14.04.2004	Referat frå møte den 29.03.04	Til Utval for likeverdige driftsvilkår
20.04.2004	Referat frå møte den 19.04	Til utval for likeverdige driftsvilkår
13.05.2004	Innkalling til møte den 18.05.04	Til medlemene
18.05.2004	Utsending av skriv og forskrifter frå Barne- og Familiedepartementet	Til private barnehagar i Fjell
19.05.2004	Referat møte 18.05.04	Medlemer i utval for likeverdige driftsvilkår
05.06.2004	Innkalling møte 07.06.04	Til medlemene i utval for likeverdige driftsvilkår
08.06.2004	Referat møte den 7. juni	Til medlemene i utval for likeverdige driftsvilkår
09.06.2004	Ikkje offentlig referat sak 1 frå møte den 7. juni	
11.06.2004	Innkalling til møte den 14. juni 2004	Til medlemene i utval for likeverdige driftsvilkår
14.06.2004	Syskenmoderasjon i barnehagen	Private Familiebarnehagar i Fjell kommune
21.06.2004	Referat frå møte 14.06.04	Medlemene i utval for likeverdige driftsvilkår
23.06.2004	Søskenmoderasjon i barnehagen	Private Familiebarnehagar i Fjell kommune
12.08.2004	Innkalling til møte 17.08.04	Medlemene i utval for likeverdige driftsvilkår
18.08.2004	Utval for likeverdige driftsvilkår for private og offentlege barnehagar	TRBI
18.08.2004	Modell for fordeling av kommunale tilskot	
20.08.2004	Referat møte den 17. august 2004	Til medlemene i utval for likeverdige driftsvilkår
27.08.2004	Innkalling til informasjonsmøte den 3. september 2004	Private barnehagar
27.08.2004	Høyring - Rapport frå utval for likeverdige driftsvilkår for private og offentlege barnehagar	Barnehagane i Fjell
27.08.2004	Oversikt endring i kommunale tilskot etter ny modell	TRBI
08.09.2004	Referat frå informasjonsmøte 3. september 2004	Barnehagane i Fjell
09.09.2004	Uttale på høyring	Straume barnehage
10.09.2004	Uttale - Likeverdige driftsvilkår - private og kommunale barnehagar	PBL i Fjell
09.09.2004	Uttale - Likeverdige driftsvilkår - private og kommunale barnehagar	Tjødnavegen Familiebarnehage
10.09.2004	Uttale - Likeverdige driftsvilkår - private og kommunale barnehagar	Sotraheimen Barnehage v/Samarb.utvalet
10.09.2004	Uttale - Likeverdige driftsvilkår - private	Ågotnes Barnehage v/tillitsvald

10.09.2004	og kommunale barnehagar Uttale - Likeverdige driftsvilkår - private og kommunale barnehagar	Akademikerne i Fjell
10.09.2004	Uttale - Likeverdige driftsvilkår - private og kommunale barnehagar	Fagforbundet/Utdanningsforbundet

Dokument vedlagt saka:

- 1|. Rapport frå Utval for likeverdige driftsvilkår for kommunale og private barnehagar.
2. Høyringsuttaler

Saksopplysningar:

Komite for finans og forvaltning vedtok den 10.02.04 å sette ned eit utval på fem medlemmer, tre frå Komite for finans og forvaltning og to frå Komite for drift, som skulle sjå på likeverdige driftsvilkår for kommunale og private barnehagar. Utvalet har vore leia av Inge Ree frå Krf.

Utvalet sitt mandat har vore:

1. Fjell kommune vil arbeide fram likeverdige driftsvilkår mellom private og kommunale barnehagar jfr ny § 7b i barnehagelova og nye retningslinjer som trer i kraft frå 01.05.04.
2. Det vil gjennomførast ei kartlegging av nåverande praksis og økonomisk fordeling jfr kommunestyrevedtak om likeverdige driftsvilkår 49 / 98.
3. Det vil verta utgreia ulike økonomiske modeller for framtidig økonomisk fordeling og utvalet vil tilrå val av framtidig modell.

Utvalet har arbeida etter intensjonane i revidert barnehagelov. I samband med denne revisjonen vart det innført to nye forskrifter med verknad frå 1. mai 2004. Dette var forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i forhold til offentlege tilskot og forskrift om foreldrebetaling i barnehagar. Ved å forskottere dei kommunale tilskota til private barnehagar i tillegg til at dei private barnehagane mottar meir i statstilskot enn dei kommunale, klarte alle barnehagar i Fjell, både private og kommunale, å setje ned foreldrebetalinga til kr 2.750 som er gjeldande maksimalpris. Forskrift om foreldrebetaling inneheld og nye reglar om søskenmoderasjon på 30 % for andre barn og 50 % for tredje barn.

Utvalet har vurdert fleire modeller, hatt samtalar med representantar for dei private barnehagane, fått innsyn i noverande praksis for likeverdige driftsvilkår og innsyn i kostnadsutrekningar for kommunale og private barnehagar. Ein har prøvd å finne fram til ein enkel og rettferdig modell som vil føre til likeverdige driftsvilkår. Utvalet har og vore opptatt av at ein må unngå modeller som fører til omfattande meirarbeid for kommuneadministrasjonen.

Aktuelle dokument i saka frå Barne- og Familiedepartementet blei lagd ut i posthyllene til politikanane i mai månad.

Vurdering:

Når rapporten frå utvalet som har vurdert likeverdige driftsvilkår mellom kommunale og private barnehagar no er ferdig vil dette vere første del av ein lengre sakshandsaming.

Saksområdet som utvalet har vurdert er komplisert med fleire modeller som kan føre fram til likeverdige driftsvilkår. Rapporten bør difor ut på høyring.

Det vil bli laga ein ny sak til Komite for forvaltning og kommunestyre etter høyringsrunden. Her vert eventuelle uttaler presentert, og utvalet vil gje tilrådingar til eventuelle endringar i utvalet sin rapport. I saka vil ein også vise økonomiske verknader og tilrå budsjettendringar og eventuell ny finansiering.

Rådmannen 10. september 2004

Tilleggsopplysningar :

Fjell kommune har innan høyringsfristen fått inn følgjande uttalar:

1. Private Barnehagers Landsforbund sine barnehagar i Fjell
2. Tjødnavegen familiebarnehage
3. Straume barnehage
4. Sotraheimen barnehage v / samarbeidsutvalet
5. Ågotnes barnehage v / tillitsvald
6. Akademikerne i Fjell
7. Fellesuttale Fagforbundet og Utdanningsforbundet i Fjell

Ut frå ei samla vurdering av innkomne uttalar vil ikkje rådmannen tilrå endringar i sjølve modellen.

Saka reiser ymse spørsmål av økonomisk og anna karakter, mellom anna med omsyn til det samla omfanget av kommunale tilskot. Skal den kommunale ramma utvidast i takt med utbygging av nye barnehagar, eller skal ein fordele ein fast sum på stadig fleire barn. Rådmannen legg til grunn Stortinget sitt vedtak om at reformen ikkje skal føre til meirutgifter for kommunane. Vi vil få meir kunnskap om dette når statsbudsjettet og fordelinga av skjønspotten ligg føre i oktober i år. Rådmannen vil då kome attende til dei politiske utvala med informasjon om dei statlege overføringane. Kommunestyret kan eventuelt handsama desse spørsmåla i form av ei eiga sak eller i samband med budsjettføreavinga for 2005.

Rådmannen vil tilrå at kommunestyret gjer følgjande vedtak:

Kommunestyret vedtek:

4. *Kommunestyret viser til Reeutvalet sin rapport, dagsett 27.august 2004, og legg tilskotsmodellen til grunn for fordeling av kommunale midlar til kommunale og private barnehagar.*
5. *Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å føreta endeleg utrekning av tilskot og å gjennomføre naudsynte budsjettendringar.*
6. *Kommunestyret visar til innkomne høyringsframlegg og ber Reeutvalet vurdere om Fjell kommune sine reglement for barnehagesektoren bør endrast på ulike punkt. Eventuelle framlegg til endringar må fremjast som eiga sak til kommunestyret.*

2004

NB! Skriv kun i celler med grøn tekst!

OVERSYN OVER FAKTISK TAL BARN I BARNEHAGAR I FJELL

TAL BARN 0-3 ÅR	TAL BARN OVER 3 ÅR	VEKTING BARN 0-3 ÅR	VEKTING BARN OVER 3 ÅR	SUM VEKTER (BARN)
274	346	548,00	346,00	894,00
30	50	47,34	39,45	86,79
50	68	76,10	51,75	127,85
44	48	50,34	27,46	77,79
32	55	24,38	20,96	45,34
0	3	-	0,57	0,57
430	570			1.232,34

OVERSYN OVER KORREKSJONAR

Korreksjon for differanse i statstilskot mellom kommunale og private barnehagar:	3.238.133 kr
Korreksjon for reduksjon i tilskot til familiebarnehagar:	376.595 kr

OVERSYN OVER OPPHALDSTID OG ENINGSPRIS

SATSAR ETTER OPPHALDSTID:	OPPHALDSTID/SATS	BELØP
Over 41 t/v	100,0 %	11.768,84 kr
33-40 t/v	78,9 %	9.285,61 kr
25-32 t/v	76,1 %	8.956,09 kr
17-24 t/v	57,2 %	6.731,78 kr
9-16 t/v	38,1 %	4.483,93 kr
0-8 t/v	19,1 %	2.247,85 kr

TOTALE BARNEHAGEUTGIFTER FOR FJELL
KOMMUNE MED GITT STØNADSATS

Ønskt einingstilskot (per heiltdsekvivalent) gjev	12.661.055
folgjande kostnad:	

BUDSJETTSMUMAR

Årsbudsjett barnehagar 2004:	12.687.000,00 kr
- Søsknermoderasjon:	14 %
= Netto til fordeling:	10.910.820,00 kr
+ Korreksjon for differanse i statstilskot:	3.238.133 kr
+ Korreksjon for reduksjon i tilskot til familiebarnehagar:	376.595 kr
= Sum budsjetteknisk grunnlag:	14.525.548,23 kr

FAKTISK TILSKOT PER HEILTIDSEKVIVALENT
MED ØNSKT TOTAL BUDSJETTTRAMME

1. Sum budsjetteknisk grunnlag	14.525.548,23
2. Heiltdsekvivalenter (enhetspris)	1.232,34
Sum kommunalt tilskot (=K24/K25)	11.786,95

DIVERSE INFORMASJON

Reduksjonssats familiebarnehagar:	85 % av fullt kommunalt tilskot
Faktisk einingskostnad i 2004:	11.768,84 kr
Faktiske utgifter til barnehagar i 2004:	12.687.000,00 kr

TYPE BARNEHAGE	ALDERS- GRUPPE	OPPHALDSTID	SATS	TAL BARN	TILSKOT	FRÅDRAG PER BARN	SUM FRÅDRAG	SUM TILSKOT	SUM
KOMMUNAL BARNEHAGE	0-3 år	1 Over 41 t/v	23.538	97	2.283.155			2.283.155	
		2 33-40 t/v	18.571	26	408.567			408.567	
		3 25-32 t/v	17.912	19	340.331			340.331	
		4 17-24 t/v	13.464	7	94.245			94.245	
		5 9-16 t/v	8.968	1	8.968			8.968	
		6 0-8 t/v	4.496	0	-			-	
	Over 3 år	1 Over 41 t/v	11.769	157	1.847.708			1.847.708	
		2 33-40 t/v	9.286	21	194.998			194.998	
		3 25-32 t/v	8.956	18	161.210			161.210	
		4 17-24 t/v	6.732	1	6.732			6.732	
		5 9-16 t/v	4.484	11	49.323			49.323	
		6 0-8 t/v	2.248	3	6.744			6.744	
PRIVAT BARNEHAGE	0-3 år	1 Over 41 t/v	23.538	121	2.848.059	-8.270	-1.000.670	1.847.389	
		2 33-40 t/v	18.571	7	129.999	-6.870	-48.090	81.909	
		3 25-32 t/v	17.912	20	358.243	-6.530	-130.600	227.643	
		4 17-24 t/v	13.464	10	269.271	-4.900	-98.000	171.271	
		5 9-16 t/v	8.968	17	242.132	-3.260	-88.020	154.112	
		6 0-8 t/v	4.496	0	-	-1.630	-	-	
	Over 3 år	1 Over 41 t/v	11.769	149	1.753.557	-4.210	-627.290	1.126.267	
		2 33-40 t/v	9.286	24	222.855	-3.320	-79.680	143.175	
		3 25-32 t/v	8.956	23	340.331	-3.190	-121.220	219.111	
		4 17-24 t/v	6.732	11	228.880	-2.389	-81.226	147.654	
		5 9-16 t/v	4.484	44	197.293	-1.610	-70.840	126.453	
		6 0-8 t/v	2.248	0	-	-790	-	-	
FAMILIEBARNEHAGE	0-3 år	1 Over 41 t/v	23.538	56	1.120.394	-8.270	-463.120	657.274	
		2 33-40 t/v	18.571	1	15.786	-6.870	-6.870	8.916	
		3 25-32 t/v	17.912	11	167.479	-6.530	-71.830	95.649	
		4 17-24 t/v	13.464	17	194.548	-4.900	-83.300	111.248	
		5 9-16 t/v	8.968	4	30.491	-3.260	-13.040	17.451	
		6 0-8 t/v	4.496	0	-	-1.630	-	-	
	Over 3 år	1 Over 41 t/v	11.769	40	400.141	-4.210	-168.400	231.741	
		2 33-40 t/v	9.286	5	39.464	-3.320	-16.600	22.864	
		3 25-32 t/v	8.956	12	91.352	-3.190	-38.280	53.072	
		4 17-24 t/v	6.732	13	74.386	-2.389	-31.057	43.329	
		5 9-16 t/v	4.484	0	-	-1.610	-	-	
		6 0-8 t/v	2.248	0	-	-790	-	-	

Oversyn endring av kommunale tilskot etter ny modell

Kategori	Navn Barnehage	Førebels tilskot 2004	Korrigert tilskot 2004	
Privat	Veksthuset	1.032.807,00	1.205.422,00	172.615,00
Privat	Havhesten	693.660,00	768.405,00	74.745,00
Privat	Kanutten	564.696,00	607.297,00	42.601,00
Privat	Gardstunet	336.588,00	338.362,00	1.774,00
Privat	Marihøna	712.320,00	775.266,00	62.946,00
Privat	Fjell Gard kortidsbh.	84.330,00	124.098,00	39.768,00
Privat	Landro kyrkje kortids	67.320,00	101.767,00	34.447,00
Privat	Solsvik kortidsbh.	19.758,00	54.405,00	34.647,00
Privat	Solglytt kortidsbh.	98.049,00	162.508,00	64.459,00
Privat	Knarrevik kortidsbh.	86.709,00	141.776,00	55.067,00
Privat	Maurtua kortidsbh.	73.905,00	148.890,00	74.985,00
Privat	Blåbærtua fam.bh.	54.100,00	21.893,00	-32.207,00
Privat	Tirltoppen fam.bh.	139.610,00	146.598,00	6.988,00
Privat	Åse fam. bh.	75.860,00	74.428,00	-1.432,00
Privat	Straumsfj. fam.bh.	84.890,00	100.890,00	16.000,00
Privat	Liaskjæret fam.bh.	80.375,00	96.481,00	16.106,00
Privat	Tunet fam.bh.	92.350,00	103.473,00	11.123,00
Privat	Knerten fam.bh.	130.755,00	101.763,00	-28.992,00
Privat	Honey-bee fam.bh	41.735,00	nedlagt	#VERDI!
Privat	Solstrålen fam.bh.	77.120,00	100.582,00	23.462,00
Privat	Foldnes fam.bh	74.620,00	85.413,00	10.793,00
Privat	Soitunet	94.675,00	90.696,00	13.576,00
Privat	Bamsen fam.bh.	28.290,00	60.036,00	31.746,00
Privat	Småtrollet fam.bh	47.415,00	43.756,00	-3.659,00
Privat	Sjarmtrollet fam.bh.	93.900,00	92.176,00	-1.724,00
Privat	Nygårdshøgda fam.bh	26.122,00	nedlagt	#VERDI!
Privat	Treet fam.bh.	66.540,00	88.295,00	21.755,00
Privat	Alvetun fam.bh	51.000,00	40.855,00	-10.145,00
Kommunal	Kom.barnehagar	7.557.000,00	5.401.980,00	-2.155.020,00

Nye barnehagar som er komne til i 2004 står ikkje oppført på lista, men vil få tilskot etter same modellen. Ein tek atterhald om kommunestyret sin godkjenning. Saka skal handsamast i kommunestyret den 30. september 2004.

Til
Fjell kommune v/Rådmannen
her



Vår dato
22.09.04



FAGFORBUNDET

FJELL KOMMUNE
Sentralarkivet

10 SEPT. 2004

04/800-36

15934

04

Arkiv nr. 211 Saksh. TREB

Høyring likeverdige driftsvilkår for private og offentlege barnehagar

Utdanningsforbundet og Fagforbundet som har medlem både i offentlege og private barnehagar, har hatt rapporten om likeverdige driftsvilkår til uttale. Vi er positive til at det offentlege nå legg til rette for at flest mogeleg barn får tilbod om eit kvalitativt godt barnehagetilbod.

Med kvalitet meiner vi mellom anna eit stabilt og velkvalifisert personale, ein variert og innhaldsrik kvardag, nok inne- og uteareal og barnehageplassar som er tilpassa foreldra sin livssituasjon.

Når det gjeld privat barnehageutbygging, så har det tradisjonelt dreidd seg om private aktørar som på eit ideologisk grunnlag har ønskt å være eit supplement til dei offentlege fordi det har vore for få barnehageplassar i kommunen. Slik det ser ut no etter barnehagereforma, ser det ut som at det opnar for meir kommersiell tenking på dette området.

Utdanningsforbundet og Fagforbundet har følgjande merknader til rapporten:

- Dersom det skal gå barn frå andre kommunar i private barnehagar i Fjell, så bør Fjell kommune få refusjon frå dei kommunane dei kjem i frå. Det høyrer merkeleg ut at Fjell subsidierer eit barnehagetilbod for barn frå andre kommunar med over ein halv million i året medan det står fleire hundre i barnehagekø i Fjell. I Bergen får til dømes ikkje barnehagar tilskot for barn som kjem frå andre kommunar enn Bergen.
- Opptakskrav bør være like for private og offentlege barnehagar. Det er t.d. merkeleg at private barnehagar har eigne plassar for personalet for å rekruttere arbeidstakarar, medan dei offentlege barnehagane ikkje kan ha slik praksis. Her er det ein forskjellsbehandling politikarane bør gjere noko med. Det bør ikkje være slik at nokre barnehagar har eit fortrinn i høve andre.
- For å sikre kvalitet og stabilitet i barnehagane bør alle barnehagar inngå pensjon-/tariffavtalar. Det er lettare å rekruttere personale som har ordna arbeidstilhøve for dei tilsette. Dersom ein ikkje har dette på plass, opparbeider ein arbeidstakar heller ikkje rett til feriepengar t.d. ved fødselspermisjon eller sjukepermisjon. Dei store private barnehagane i Fjell og dei offentlege barnehagane har pensjons- og tariffavtale, medan dei private familiebarnehagane ikkje har det. Vi meiner at dersom politikarane ikkje stiller krav om dette til alle barnehagane, så er det i utgangspunktet ikkje likeverdige driftsvilkår fordi mange barnehagar då slepp ein del kostnader som andre har. Kommune etter kommune i landet vårt stiller slike krav no når barnehagereforma er vedteke.
- Elles finn vi det merkeleg at ein ikkje stiller spørsmålsteikn til at private barnehageeigarar kan ta ut overskot av offentlege midlar, spesielt no når det offentlege skal dekkje 80%. Dersom offentlege barnehagar går med overskot, så går det inn i drifta til kommunen, ikkje til enkeltpersonar. Denne problemstillinga er direkte overførbar til privatskular. Desse skulane har ikkje høve til å ta ut overskot, og også her dekkjer det offentlege over 80% av driftsutgiftene. Vi har høyrte mange politikarar som har ytra seg om korleis det offentlege bruker pengane sine, men denne bruken av offentlege midlar må då være eit tankekors for politikarar flest? Etter ein del år sit så private barnehageeigarar igjen med store verdier som dei sjølv eig og som det offentlege har subsidiert. Er dette god forvaltning av kommunale midlar som skal kome innbyggjarane i Fjell til gode? Kva når staten gjer om på overføringane til kommunane? Det gjer staten alltid etter ei tid, når reformar er gjennomførte. Då blir det mindre pengar til alle barnehagar, og kommunen må ta ansvar for evt. private barnehagar som får økonomiske problem.
- I følgje barnehagereforma skal private barnehagar være eit supplement til dei offentlege. I Fjell kommune er det det motsette som er tilfelle, og vi meiner det burde være eit tankekors for kommunepolitikarane.

For Fagforbundet og Utdanningsforbundet er det viktig at kommunen har kontroll på kva kommunale midlar går til, og at ein har kriterium for å finne dette ut. Så langt ser det ut som om stykkprisfinansiering (modell B) kan være best i så måte, men vi meiner politikarane og må ta omsyn til det vi har tatt opp i vår høyring for å få meir likeverd mellom barnehagane og betre kontroll på kva offentlege midlar vert nytta til.

For Fagforbundet i Fjell,

Frøde Instebø
leiar

For Utdanningsforbundet Fjell,

Bjørn Lie (S.)
leiar

FJELL KOMMUNE Sentralarkivet	
10 SEPT. 2004	
J. nr. 04/800 - 3	L. nr. 15895
Arkiv nr. 201	Saksh. TRB1

akademikerne

10.09.04

UTTALE FRÅ AKADEMIKARANE OM LIKE DRIFTSVILKÅR FOR KOMMUNALE OG PRIVATE BARNEHAGAR I FJELL

Akademikarane har lest høyringsnotatet og har nokre spørsmål om faktorar som ikkje kjem fram av skrevet:

- Korleis vil kommunen kompensere for det reduserte driftstilskotet til dei kommunale barnehagane?
- Er det knytt vilkår til tilskota, som t.d.
Prioritert inntak av born busett i Fjell kommune?
Tarifføløn til tilsette?
- Eksisterer det samarbeid mellom nabokommunar når det gjeld tilskot til barnehagar?

Akademikarane er tilrår at det i tillegg til fordelingsmodellen for kronebeløpa må vurderast rammer, vilkår og sjekkpunkt som sikrar at modellen fungerer etter føremålet: likeverdige driftsvilkår.

Ruth Paulson

Ruth Paulson
For Akademikarane i Fjell kommune

Birkelund, Trond Roar

Fra: Landro, Margun
Sendt: 10. september 2004 09:11
Til: Birkelund, Trond Roar
Emne: VS: Høring - Likeverdige driftsvilkår for offentlege og private barnehagar.

Fra: Postmottak
Sendt: 9. september 2004 08:24
Til: Landro, Margun; Eide, Anne Grethe Aase
Emne: VS: Høring - Likeverdige driftsvilkår for offentlege og private barnehagar.

FJELL KOMMUNE Sentralarkivet
10 SEPT. 2004
04/800-34 L. nr. 15876-04
Arkiv nr. 211 Saksh. TRBJ

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Per Olav Tveitan [SMTP:perolav-tveitan@sensewave.com] <mailto:[SMTP:perolav-tveitan@sensewave.com]>

Sendt: 8. september 2004 19:47

Til: Sandset, Ingunn Landro; Postmottak

Emne: Høring - Likeverdige driftsvilkår for offentlege og private barnehagar.

Moment til høring for likeverdige driftsvilkår i barnehagar.

Ved innføring av likeverdige driftsvilkår må ikkje kommunale tilskot til private barnehagar gå på bekostning av tilskot/ drift av kommunale barnehagar.

Det har vært svært kort høringsfrist, dette har ført til at samarbeidsutvalet i barnehagar ikkje har fått uttalt seg.

Mvh

Eva Ekren Tveitan

arbeidsplassstillitsvalgt utdanningsforbundet v/Ågotnes barnehage

FJELL KOMMUNE	
Sentralkontor	
- 9 SEPT. 2004	
J.nr. 04/800-33	L.nr. 15873-04
Arkiv nr. 211	Saksh. TRB1

Likeverdige driftsvilkår for private og offentlege barnehagar

HØYRINGSUTTALE

Samarbeidsutvalet for Sotraheimen barnehage vil gje følgjande uttale på rapporten om likeverdige driftsvilkår for private og offentlege barnehagar:

Endringane som det vert lagt opp til er heimla i lovverket, og er dermed noke kommunen er forplikta til å følgje opp. Samarbeidsutvalet er av den meining at rapporten slik den ligg føre gjer ei rettvis fordeling av det offentlege tilskotet. (Modell B)

I konklusjonen / innstillinga står det og at ordninga skal evaluerast i løpet av 2005, det gjer høve til korrigeringar dersom det viser seg å vera naudsynt.

S.U.vil gjerne få komme med ein kommentar til eit spørsmål som har kome fram, sjølv om det ikkje står direkte i rapporten:

S.U. er klår over at forskrift om likeverdig handsaming av barnehagar i høve til offentlege tilskot seier at det skal vera likeverdig handsaming av barnehagane uansett barna sin heimkommune.(§ 3 i merknadene til forskrifta)

Det er derfor viktig at den einskilde barnehage, uansett eigar, definerer sitt opptaksområde til å gjelde innanfor Fjell Kommune sine grenser. Tilskot pr. barn må fortrinnsvis gjelde barn som bur i kommunen.

Det er ikkje rett ovanfor foreldre som ventar på barnehageplass at søkjarar som bur utanfor Fjell får plass før dei. Det er heller ikkje rett at skattebetalarane i Fjell subsidierer barnehageplassar for folk som ikkje bur i kommunen.

For dei tilsette er det ikkje så viktig kor barna er busett, men dei ser det som viktig at det er likt regelverk i private og kommunale barnehagar . Det er det ikkje i dag. Dersom det blir ulik handsaming her, vil dei kommunale barnehagane tape i konkurransen om t.d. arbeidskrafta. Ei løysing kan og vera at kommunane seg imellom finn interkommunale løysingar på finansieringa.

Samarbeidsutvalet er klår over at storparten av dei private barnehagane har barn frå nærmiljøet som inntaksområde, men vi meiner det må vera forpliktande gjerne som ein del av samarbeidsavtalen.

Foldnes 08.09.04

Siv Agotnes
Siv Agotnes
nestleiar

Vera Halvorsen Landro
Vera Halvorsen Landro
skrivar

Tjødnavegen Familiebarnehage
v/ Elisabeth H Rolland
Postboks 105
5341 Straume

FJELL KOMMUNE Sentralarkivet
- 9 SEPT. 2004
J. nr. 04/800-32L. nr 15872-04
Arkiv nr. 211 Saksh. TRBj

Rådmannen
Fjell Kommune

Svar på "Rapport fra Utval for likeverdige driftsvilkår for private og offentlege barnehagar"

Eg har følgjande kommentarar til punkt "Konklusjon / Innstilling":

- 1) Der er positivt at utvalet legg seg på ei line der kvart barn skal få likt kronebeløp. Det blir det mest likeverdige prinsipp slik eg ser det.
- 2) For fam.bhg vert det vist til Barne- og familie dep. sin utrekning om 15% lågare kostnader enn ordinære barnehagar.
 - Korleis har ein kome fram til denne prosenten? (I ein fam.bhg er det utgifter som ikkje viser i rekneskapen, er det difor fam.bhg er billegare i drift?)
 - Viser til at dep. Ikkje gjer skilnad i statstøtta – den er lik per barn i fam.bhg og annan barnehage.
- 3) Søskenmoderasjon må gjevast til dei barnehagane som har søsken det vert gjeven moderasjon for. Det er positivt. Her er det og viktig at ALT blir dekket, slik at den einskilde barnehage ikkje lir økonomiske tap.
- 4) Pensjonsordning: den tilsette må ha ein viss stillingsstorleik for at det skal kunne teiknast pensjonsavtale. I små fam.bhg vil ikkje stillingsstorleiken være stor nok (særleg for førskulelærar) til at ein kan teikne slik ordning.
- 5) Kva er "skjønnpotten" og til kva føremål kan det søkjast tilskot til?

Med venleg helsing

Elisabeth H. Rolland
Elisabeth H Rolland
Eigar Tjødnavegen Familiebarnehage

Besøksadresse:
Tjødnavegen 2
5353 Straume

Postadresse:
Postboks 105
5341 Straume

Org. Nr:
986 996 788

Fjell kommune

Rådmannen
Postboks 184
5342 STRAUME

Telefonnummer
Faksnummer 56 32 65 00

FJELL KOMMUNE Sentralarkiver	
- 9 SEPT. 2004	
J.nr. 04/800 31	L.nr. 1587/04
Arkiv nr. 211	Saksh. 1

Høyring - rapport frå Utval for likeverdige driftsvilkår for private og offentlige barnehager

Fjell kommune
v/Rådmannen

Fra: PBL Barnehagene i Fjell
Sendt dato:

Melding:

Vedlagt følger uttalelse fra de private PBL barnehagene i Fjell kommune.

Fjell, 09. September 2004

Veksthuset Barnehage
Mariehøna Barnehage
Veksthuset Barnehage
Kanutten Barnehage
Havhesten Barnehage

Til Utval for likeverdige driftsvilkår for private og offentlige barnehager Til Fjell kommune v/Rådmannen

Vedrørende: "Rapport frå Utval for likeverdige driftsvilkår for private og offentlige barnehager"

Vi viser til skriv av 27.08.04 samt til informasjonsmøte den 03.09.04.

De private barnehagene tilknyttet PBL har sammen drøftet den foreslåtte MODELL for likebehandling og vi er enig i behandlingen av de kommunale og de private "PBL Barnehagene". Dette ser ut som en rettferdig fordeling for de store barnehagene (de private og de kommunale).

Når det gjelder fordelingen av "potten" som er foreslått fordelt på den enkelte private barnehage har vi følgende kommentarer:

De kommunale barnehager har en lavere sats fra staten på 14 %, det er da, som utvalget har gjort, trukket fra dette beløpet i modellen.

Videre har departementet sagt at kostnadene for familiebarnehagene er regnet til å være om lag 15 % lavere enn for store barnehager. *Dette har med lavere kapitalkostnader, vedlikehold m.m å gjøre.*

Når det gjelder de store barnehagene, kommunale og private, har alle tariffavtaler, pensjonsordninger og krav til pedagogisk bemanning som må følges.

Når det gjelder statstilskuddet, så er det satt like satser på ALLE private barnehager, også familiebarnehagene.

Reelt sett så får familiebarnehagene en betydelig større sum i støtte enn de store barnehagene. Under henvisning til "*Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd*" som sier bl.a.

§4 Reduksjon av kommunalt tilskudd

" Kommunen kan redusere tilskuddene fra kommunen dersom barnehagen har vesentlig lavere bemanning eller lønnskostnader per årsverk enn det som er vanlig i tilsvarende kommunale barnehager... .."

I den forbindelse bør man ta differansen, 15 % av den totale utbetaling fra statsstøtten, i fradrag fra den kommunale "potten" og legge dette beløpet inn til fordeling av de store barnehagene (de kommunale og private). Ikke bare den kommunale fordeling.

Bare for å belyse dette, kan vi vise følgende "skjeve" fordeling:

Etter den foreslåtte modellen vil det bli følgende utbetaling (eksempel er tatt fra de private barnehagene, (eks Naustvika):

Kommunalt tilskudd	kr. 3.694.752,-
- pensjonskostnader	<u>kr. 1.284.000,-</u>
Netto	kr. 2.410.752,-

De resterende private barnehagene får en kommunal støtte på til sammen kr. 1.856.681,- som da blir et reelt tall å sammenligne med (se tabell for forslag til støtte).

Etter antall barn og satsar som er satt opp fra kommunen ser en at det faktiske tilskuddet (etter pensjonskostnader for de store barnehagene) blir kr. 2.410.752,-.

Ser en på det totale antallet barn, blir det en vesentlig høyere utbetaling pr. barn i familiebarnehagene enn i de andre store barnehagene.

Vi forventer at utvalget tar høyde for denne problemstillingen i den endelige innstillingen.

Med vennlig hilsen
For PBL Fjell

Veksthuset
Barnehage

Marihøna
Barnehage

Havhesten
Barnehage

Gardstunet
Barnehage

Kanutten
Barnehage

Straume barnehage
Blombakkane
5353 Straume
Tlf. 56320470

FJELL KOMMUNE	
Skriftlegging	
- 8 SEP 2004	
Straume 08.09.04	
J.nr. 04/800	J.nr. 15824-04
Arkiv nr. 281	Saksb. ANKL/Post

Fjell kommune
Rådmannen
Postboks 184
5342 Straume

UTTALE PÅ HØYRING – RAPPORT FRÅ UTVAL FOR LIKEVERDIGE DRIFTSVILKÅR FOR PRIVATE OG OFFENTLEGE BARNEHAGAR.

P.g.a. kort høyringsfrist er det ikkje halde SU møte i samband med den nemnde høyringa. Dokumentet er sendt ut til representantane. Det har ikkje kome tilbakemeldingar innan fristen. Straume barnehage ved konstituert styrar ønskjer likevel å gje følgjande uttale.

- Kommunen gjer kommunale tilskot til mellom 40 og 60 barn i private barnehagar i Fjell som er busatt i andre kommunar. Dette vedtaket bør endrast ved naturleg avgang (når barnet tek til i skulen). Viss ikkje må vedtaket og gjelde for kommunale barnehagar. Ei slik vedtaksendring vil gi ein ny situasjon i negativ retning for dei som allereie står i barnehagekø, og er busatt i Fjell kommune. Slik det no er, vert det i strid med likeverdige driftsvilkår.
- Evt.læringleplassar i private barnehagar skal ikkje betalast av Fjell kommune, slik praksisen har vore tidlegare.
- Det skal vere eit krav til alle barnehagar at barnehageloven vert fulgt i høve til pedagogisk bemanning.
- Barnehagepolitikken rundt spørsmålet om tiltak for framandspråklege og funksjonshemma bør vere meir nyansert. Det vil vere ein føremon både for barn, foreldre og barnehage at ein som utgangspunkt ser på kva kunnskap som er i den einskilde barnehage. Det tek nokre år å bygge opp god fagkompetanse rundt t.d. ei gitt funksjonshemming, eller problematikken rundt framandspråklege barn. Her ser vi at tanken om uansett lik fordeling av framandspråklege og funksjonshemma barn vil vere ei dårleg utnytting av den fagkompetansen ein har i kommuna. I tillegg må ein og ta høgde for foreldra sitt ønske om barnehage ut frå plassering og innhald/pedagogikk.

Med vennleg helsing

Jarita S. Sjøvold
Jarita Sandvik Sjøvold
Konst.styrar



FJELL KOMMUNE

Rådmannen

Dato: 18.08.2004
Vår ref.: 04/00800-23
Ark.kode: 211

Rapport - Utval for likeverdige driftsvilkår for private og offentlege barnehagar

Samandrag

Utvalet har vore samansett av 5 medlemmer med Inge Ree (KRF) som leiar og har hatt 8 møte. Utvalet har basert arbeidet sitt på sentrale føringar i revidert barnehagelov med rettleiar og forskrifter. Ein har vurdert ulike økonomiske modeller for å kunne oppnå likeverdige tilhøve for kommunale og private barnehagar. Utvalet har fått innsyn i kostnadsutrekningar for kommunale og private barnehagar, og ein har hatt møte med representantar for private barnehagar.

Utvalet meiner ein må nytte ein enkel metode etter statleg modell for tilskot, der pris pr barn med ein heil basisplass vert utgangspunkt for utrekning av kommunale tilskot som skal sikre likeverdige driftsvilkår mellom kommunale og private barnehagar. For å rekne ut tilskot pr barn, har utvalet lagt til grunn det samla budsjettet for 2004 til kommunale og private barnehagar. For familiebarnehagane må det gjerast tilpasningar, og det bør setjast av ein eigen pott som mellom anna skal dekke inntektstap som følgje av nye reglar for søskenmoderasjon og andre typar mindreinntekter.

Innleiing

Komite for finans og forvaltning vedtok den 10.02.04 å sette ned eit utval på fem medlemmer, med tre frå komite for finans og forvaltning og to frå Komite for drift, som skulle sjå på likeverdige driftsvilkår for kommunale og private barnehagar.

Utvalet har vore leia av Inge Ree (KRF).

Med seg i utvalet har han hatt:

Anita Garlid Johnnessen (FRP)
Jorunn Småbrekke Gjersvik (SP)
Dag Ole Teigen (AP)
Else M. Johnsen Aase (H)

Vararepresentant Bjørn Tore Wilhelmsen har møtt for Else M. Johnsen Aase i to møter.

Utvalet har hatt 8 møte. I tillegg har leiar vore på eit dagsseminar.

Utvalet har hatt slikt mandat:

1. Fjell kommune vil arbeide fram likeverdige driftsvilkår mellom private og kommunale barnehagar jfr ny § 7b i barnehagelova og nye retningslinjer som trer i kraft frå 01.05.04.

2. Det vil gjennomførast ei kartlegging av nåverande praksis og økonomisk fordeling jfr kommunestyrevedtak om likeverdige driftsvilkår 49 / 98.
3. Det vil verta utgreia ulike økonomiske modeller for framtidig økonomisk fordeling og utvalet vil tilrå val av framtidig modell.

Under behandling av ot.prp nr 76 (2002 – 2003) *Om lov om endringer i barnehageloven*, vedtok Stortinget eit nytt punkt, § 7b, i barnehageloven, jf. Innst. O. nr.128 (2002 – 2003):

§ 7b Offentlig tilskudd til private barnehager

Godkjente barnehager skal behandles likeverdig i forhold til offentlige tilskudd.

Kongen kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om hva som menes med likeverdig behandling

Alle kommunar må følgje denne paragrafen i barnehagelova.

Med heimel i barnehagelova, § 7b, vart det 19. mars 2004 fastsett ein forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i forhold til offentlege tilskot. Forskriften trådte i kraft 1. mai 2004. Frå same dato, med heimel i barnehagelova, §§ 15a og 4 fjerde ledd, trådte forskrift om foreldrebetaling i barnehagar i kraft. Denne forskrifta inneheld nærare reglar om maksimalpris og søskenmoderasjon i barnehagane.

Viktige føresetnader

I § 3 i forskrifta om likeverdig behandling av barnehagar i forhold til offentlege tilskot er kommunen sitt ansvar omtalt:

§ 3 Kommunens ansvar

Det er kommunen som skal sørge for at alle godkjente barnehager i kommunen mottar offentlige tilskudd på en samlet likeverdig måte.

Kommunen skal dekke kostnader til ordinær drift i barnehagene som ikke dekkes av andre offentlige tilskudd og foreldrebetaling. Settes foreldrebetalingen i ikke-kommunale barnehager lavere enn foreldrebetalingen i kommunenes egne barnehager, har kommunen ikke plikt til å dekke differansen.

Kommunen har ikke plikt til å gi tilskudd slik at den samlede offentlige finansieringen av barnehagen overstiger det tilsvarende barnehage eid av kommunen i gjennomsnitt mottar i offentlige tilskudd.

Kommunen har ikke plikt til å dekke kostnadsvekst som overstiger normal pris- og kostnadsvekst for kommunesektoren.

- Kommunen har plikt til å legge til rette for full barnehagedekning.
- Departementet foreset at kommunen nyttar like mykje frie kommunale midlar i 2004 som i 2003. Intensjonen er at staten skal dekke auka kostnader som følgje av redusert foreldrebetaling.
- Barne- og Familiedepartementet har rekna med at familiebarnehagane har 15 % lågare kostnader enn ordinære barnehagar.
- Dersom ein barnehage ynskjer å gje eit utvida kvalitetstilbod må ein sjølv finne dekning for dette.
- På sikt er det lagt opp til at foreldrebetaling skal dekke 20 % av kostnadene i ein barnehage og det offentlege 80 % av kostnadene.

Noverande praksis – likeverdige driftsvilkår

Ved siste innsende rapporter frå barnehagane i Fjell pr 01.08.2004 var det 9 kommunale og 29 private barnehagar. Dei kommunale hadde 357 barn i sine barnehagar og dei private hadde 643 barn. I samanheng med sak 49 / 98 i kommunestyret om likeverdige driftsvilkår vart det utforma ei samarbeidsavtale med dei private barnehagane. Det vert årleg sett av midlar i budsjettet til kommunalt tilskot til dei private barnehagane. For 2004 utgjer dette kr 5.130.000. Omlag kr 100.000 av desse har årleg vore nytta til å jamne ut inntekts tap som følgje av søskenmoderasjon.

I tillegg dekkjer Fjell kommune ein lærlingplass i ein privat barnehage for første halvdel av 2004.

I følgje gjeldande samarbeidsavtale om likeverdige driftsvilkår må dei private barnehagane årleg sende inn dokumentasjon for ein del punkt i samband med søknad om kommunalt tilskot. Desse punkta er:

- Foreldrebetaling – Spørsmål om vedtektene inneheld ei målsetting om foreldrebetaling på kommunalt nivå.
- Pedagogisk kvalitet – Spørsmål om pedagogisk personell.
- Samordning av opptak – Spørsmål om det er vedtektsfesta at barnehagen vil samordne opptaket sitt med kommunen dersom det kjem krav om dette.
- Namn på godkjend revisor.
- Bygg og uteområde – Spørsmål om det er søkt godkjenning etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler m.v.
- Kommunal representant i samarbeidsutvalet – Spørsmål om representanten har vore kalla inn til møte.

Alle desse punkta må ha tilfredsstillande svar for at eigar av privat barnehage kan motta kommunalt tilskot. Dersom ein administrativt ikkje finn svara tilfredsstillande, vert sak lagt fram politisk for endeleg avgjerd.

Fjell kommune betalar ut statstilskot som kommunen mottar frå Fylkesmannen i Hordaland til dei private barnehagane kvar månad. Dei kommunale tilskota vert utbetalt med 2 / 3 om våren og dei siste 1 / 3 på hausten. Fjell kommune skal og føre tilsyn med dei private barnehagane ein gong i året.

Det er oppretta eit godt samarbeid mellom kommunen og dei private barnehagane når det gjeld kurs og opplæringstiltak. Dei private barnehagane deltek og på faglege interkommunale samlingar i lag med kommunale barnehagar.

Det har vore ein intensjon at det i Fjell kommune skulle vere samordna barnehageopptak for barnehageåret 2004 / 2005. Dette er berre delvis gjennomført, men det er lagt til rette for at ordninga vert operativ frå og med opptak til barnehageåret 2005 / 2006.

Stortinget har lagt til grunn at kommunane ikkje skal nytte ein større del av sine frie inntekter til tilskot til dei private barnehagane eller til ei utviding av det samla barnehagetilbodet. Som ein følgje av dette auka staten dei statlege tilskota til private barnehagar meir enn til dei kommunale frå 1. august 2003. Prisveksten i eksisterande kommunale barnehagar vart dekkja gjennom ein auke i dei frie inntektene. Det blei då ei betre tilnærming i foreldrebetalinga. Frå 1. mai 2004 har alle innført maksimalpris på kr 2.750 i månaden. I nokre barnehagar må foreldra betale for mat til barna i tillegg til maksimalpris. For å få til maksimalpris i alle barnehagar valte kommunen i 2004 å betale ut heile det kommunale tilskotet for 2004 i

byrjinga av mai. Endeleg fastsetjing av dei kommunale tilskota for 2004 vert gjort etter at innstillinga frå utval for likeverdige driftsvilkår for kommunale og private barnehagar er behandla i kommunestyret hausten 2004.

Innspel frå dei private barnehagane

Utvalet har hatt møte med representantar for dei private barnehagane. Dei la vekt på:

- Reelle økonomiske likeverdige driftsvilkår mellom privat og kommunal barnehagedrift som dei opplever ikkje er på plass i dag.
- Ønske om forutsigbarhet kring økonomi i den vidare planlegging.
- Framskaffe reelle økonomiske tal som vert gjort kjent for alle.
- Ønske om stykkprisfinansiering (alle barn, tal barnehageplassar).
- 80% offentleg finansiering.

Utvalet har og hatt møte med dei private familie- og korttidsbarnehagane som tok opp moment som:

- Ulik økonomisk fordeling frå kommunen; mindre til familiebarnehagane.
- Manglande anerkjennelse.
- Vikarutgifter frå dag 1.
- Driv billig.
- Grunna økonomi har dei ikkje pensjonsordning, medlemskap i PBL eller sjukeforsikring.
- Lange arbeidsdagar, utan rom for pausar.
- Skjult arbeidsinnsats som ikkje er synleg i rekneskapstala.
- Forutsigbarhet er naudsynt.
- Ny organisasjonsmodell er krevjande (fleire kontaktpersonar).
- Ønskjer stykkprisfordeling.
- Kvalitet kostar.

Politiske målsetjingar

Utvalet har basert arbeidet sitt på målsetjing om full likeverdig behandling av kommunale og private barnehagar. Utvalet tek ikkje stilling til kva type barnehagar det bør vere i Fjell. Når det gjeld omfang av barnehageutbygging, geografisk plassering av nye barnehagar, kommunal del kontra privat del av barnehagedekkinga m.v. vil utvalet vise til arbeidet med ny barnehageplan.

Utvalet vil peike på faren for overkapasitet i barnehagesektoren. Innbyggjarane i Fjell er ikkje tent med at barnehagar går konkurs slik at barna må skifte barnehage av slike grunnar. I dag gjev barnehagelova kommunane liten styringsrett. Det er naudsynt med eit nært samarbeid mellom kommunale og private aktørar innan barnehagesektoren.

Barnehageplanen må innehalde klare politiske målsetjingar slik at det vert gode, oversiktlege og stabile tilhøve innan barnehagesektoren.

Barn med særlege behov

A. Barn med funksjonshemmingar:

I løpet av 2004 og 2005 vil tilskotsordninga til barn med funksjonshemming i barnehage bli lagt om. Den nye ordninga gjer at kommunane vil motta statlege tilskot basert på tal barn i

kommunen frå 1 – 5 år. Kommunen har og eit ansvar for å yte naudsynte eigne midlar for å kunne gje barn med funksjonshemming eit tilrettelagt tilbod både i kommunale og private barnehagar. Kommunen har ansvar for å informere alle barnehagar om at dei kan søkje om midlar til dei barn som kjem inn under ordninga. Tilskotet kan ikkje nyttast til å dekke rettar etter anna lovverk, som til dømes spesialpedagogisk hjelp.

Utval for likeverdige driftsvilkår vil oppfordre til at både kommunale og private barnehagar legg til rette for å ta inn born med funksjonshemmingar.

B. Tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskulealder og Tilskot til barnehagetilbod for nyankomne born av flyktningar:

Frå 01.08.04 vart det innført ei ordning med eit statleg tilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskulealder. Fjell har i 2004 16 barn der kommunen mottar til saman kr 60.000 i tilskot for perioden 01.08.04 – 31.12.04. Tilbod kan etablerast i ein barnehage, men kan og organiserast på anna måte.

Tilskot til barnehagetilbod til nyankomne barn av flyktningar er eit anna statleg tilskot som tek sikte på å gje eit godt barnehagetilbod 15 timar i veka dei første 8 mnd. i den første kommunen eit barn vert busett. Ein barnehage må ha minst 3 nyankomne barn for å kunne søkje om tilskotet. Tilskotsordninga er under omlegging frå og med 2005.

Utval for likeverdige driftsvilkår vil også på dette punkt oppfordre både kommunale og private barnehagar til å legge til rette for barn som kjem frå andre land.

C. Barn med spesialpedagogiske tiltak:

Spesialpedagogiske tiltak til barn i barnehage vert dekkja over budsjettet for undervisning. Dei timane borna har dette tilbodet skal vere gratis. Dette fører til mindreinntekt for barnehagane.

Økonomi

Utval for likeverdige driftsvilkår har vurdert ulike økonomiske modellar for å kunne oppnå likeverdige tilhøve for kommunale og private barnehagar. Utvalet har fått innsyn i kostnads-utrekningar for kommunale og private barnehagar.

Utvalet har i hovudsak vurdert to prinsipp for utrekning av likeverdig behandling. Dette er forskriftene sitt minimumskrav for likebehandling (modell A) og maksimumskrav (modell B).

Modell A. Dekning av faktiske kostnader:

I denne modellen ligg det at private barnehagar skal få dekkja sine faktiske kostnader til ordinær drift gjennom ordinært statstilskot, foreldrebetaling og kommunalt driftstilskot. Metoden føreset ei individuell utrekning av kostnader og finansieringsbehov for kvar barnehage. Denne modellen kan føre til at dei som har drevet barnehage med låge kostnader, vil få mindre tilskot enn ein barnehage som har høge driftskostnader.

Modell B. Lik sats pr. barn:

I maksimumskravmodellen ligg det at kommunen ikkje skal tildele kommunale driftstilskot som fører til at summen av statleg og kommunalt driftstilskot til private barnehagar ligg høgare enn tilsvarende finansiering av kommunale barnehagar i kommunen. Maksimumskravet kan reknast som ein sats pr. barn pr. år som gjeld for alle ikkje

kommunale barnehagar i kommunen.

Utvalet har vore oppteke av å få til ei rettferdig ordning som i tillegg er lettast mogleg å administrere for kommuneadministrasjonen. Modell A vil gje omfattande administrative oppgåver. Utvalet har etterkvart i arbeidet konsentrert seg om modell B som vil vere mykje enklare å administrere. Modellen ser slik ut:

Modellen er basert på at barn i private barnehagar skal få same kronebeløp frå det offentlege som barn i kommunale barnehagar. Modellen er enkel å administrere og kan nyttast vidare i budsjettssamanheng, ved endringar i statlege tilskot eller ved endringar i barnehagane. Modellen er bygd på dei prinsippa som ligg til grunn for statstilskotet og kan sjåast som ei lenging av det. Dette er gjort ut frå signala frå regjeringa om at tilskota skal inngå i rammeoverføringane til kommunane frå og med 2006 og at ein etter dette skal få eitt offentleg tilskot. Ein har teke utgangspunkt i Fjell kommune sine budsjettal for 2004 som vedkjem både kommunale og private barnehagar. Dette er i tråd med departementet sine vurderingar om at kommunane skal nytte like mykje midlar til barnehagesektoren som før.

Totalt vil Fjell kommune ut frå budsjettet for 2004 nytte kr 12.687.000 til alle barnehagane i kommunen. Talet kjem fram slik:

Drift kommunale barnehagar:	kr 5.900.000
Barnehagesjefen	kr 500.000
Løn, rekneskap og revisjon	kr 200.000
Avdrag = avskrivning	kr 407.000
Renter av gjeld	kr 550.000
Tilskot til private barnehagar	kr 5.130.000

Drift kommunale barnehagar er teke ut frå teneste 320 og 326 i budsjettet. Utgifter som er relatert til kommunen sitt arbeid som øvste mynde for all barnehagedrift i kommunen er ikkje teke med under kostnader for kommunal barnehagedrift. Dette gjeld oppgåver som samordna opptak, fordeling av offentlege tilskot, barnehagepolitikk, godkjenning, tilsyn og kontroll av barnehagar og arbeid med barnehagereforma. Barnehagesjefen utfører og andre oppgåver som ein del av rådmannen sitt leiarteam som ikkje er relatert til barnehagesektoren. Barnehagesjefen er og barna sin representant i Fjell kommune. Om lag eit halvt årsverk går med til slike "andre oppgåver". Utgifter til løn, rekneskap og revisjon er saman med kostnad til barnehagesjefen basert på skjønn. Renter av gjeld er basert på ein rentesats på 3% og ein samla restgjeld på kr 18.597.077. Avskrivningar er rekna ut frå rekneskapskala for 2003, konto 15900. Summen kjem fram slik:

Straume barnehage	kr 126.646
Ekerhovd barnehage	kr 32.500
Ågotnes barnehage	kr 45.545
Ulveseth barnehage	kr 75.606
Sotraheimen barnehage	kr 21.734
Bildøy barnehage	kr 105.212
<u>Sum</u>	<u>kr 407.243</u>

For å sikre ei rettferdig fordeling av tilskot til søskenmoderasjon og andre mindreinntekter har ein trekt ut 14 % av kr 12.687.000 i ein eigen pott. Dette utgjør kr 1.776.000. Det står då att kr 10.910.000 til fordeling av ordinære kommunale tilskot til kommunale og private barnehagar. Skjønspotten må barnehagane søkje på to gonger i året. Ordninga bør om mogleg fungere slik at midlane vert forskottet, basert på innsende rapportar frå barnehagane.

For dei kommunale barnehagane har ein rekna at gjennomsnittleg årleg kommunalt tilskot til eit barn over tre år med heildagsplass er kr 11.768. Barn under tre år får kr 23.537 i

kommunalt tilskot. Tala vert korrigerert for opphaldstid etter modell frå statstilskotet. For barn i private barnehagar vert det korrigerert for forskjell i statstilskot sidan barn i private barnehagar får omlag 12 % meir i statstilskot enn barn i kommunale barnehagar. Kostnadene for familiebarnehagane er av departementet rekna til å vere omlag 15 % lågare enn for store barnehagar. Dette har med lågare kapitalkostnader, vedlikehald m.m. å gjere. Dette samsvarar med utvalet si vurdering av behova for familiebarnehagane slik at tilskotet for barn her vert redusert med 15 %.

Modellen tek ikkje omsyn til følgjande tilhøve:

- Kostnader til funksjonshemma, tospråkleg assistanse og spesialundervisning vert halde utanfor utrekninga.
- Grunna alderssamansettinga for tilsette i barnehagane kan pensjonskostnadene verte ulik mellom barnehagane.
- Nye barnehagar får høgare kapitalkostnader enn gamle barnehagar.

Nye barnehageplassar i 2004 er heldt utanfor utrekninga. Desse skal i følge departementet verte kompensert gjennom eit statleg skjønstilskot i oktober 2004. Dette gjeld i første omgang Naustvika og utvidinga på Bjørøy.

Resultatet av modellen i høve til dagens fordeling av kommunale tilskot er at private barnehagar får omlag kr 400.000 meir i ordinære kommunale tilskot. I tillegg kjem refusjon til søskenmoderasjon som ut frå barnetal i private barnehagar vil kunne utgjere omlag 2 / 3 av potten på kr 1.776.000, dvs omlag kr 1.200.000. Totalt vil private barnehagar såleis kunne motta kr 1.600.000 meir i tilskot enn i dag.

Dei kommunale barnehagane vil etter modellen motta omlag kr 2.200.000 mindre i ordinære kommunale tilskot enn i dag. Refusjon for søskenmoderasjon vil kunne utgjere omlag kr 600.000. I tillegg ligg i dag matpengar til barna inne dei kommunale budsjetta. Dette utgjør omlag kr 450.000. Dette kan ein i følge forskrift om foreldrebetaling krevje inn utover maksimalprisen på kr 2.750. Totalt vil dei kommunale barnehagane då få omlag kr 1.150.000 mindre i kommunale tilskot enn etter dagens fordeling.

Utvalet kan ikkje sjå at ulike pensjonskostnader mellom barnehagane og høgare kapitalkostnader hjå nyare barnehagar bør føre til justeringar av det kommunale tilskotet.

Administrasjonen i kommunen må utforme ei avtale med kvar privat barnehage basert på den endelege politisk vedtekne modellen.

Konklusjon / Innstilling

Utval for likeverdige driftsvilkår for kommunale og private barnehagar gjev slik innstilling:

1. Fjell kommune skal nytte ein enkel modell for utrekning av kommunale tilskot, med stykkpris, rekna ut frå ein heil basisplass i kommunal barnehage. Det må korrigerast for forskjellar i offentlege tilskot, alder og for reduserte plassar. For familiebarnehagar vert det vist til Barne- og Familiedepartementet sin utrekning om 15 % lågare kostnader i slike barnehagar.
2. Utvalet har lagt Fjell kommune sitt budsjett for 2004 til grunn for utrekning av tilskot.
3. Det må opprettast ein eigen pott som tek høgde for inntektstap grunna nye reglar om søskenmoderasjon og dekning av andre typar mindreinntekter. Tilskot frå potten bør utbetalast forskotsvis to gonger i året.

4. Fjell kommune legg elles revidert barnehagelov, med rettleiar og forskrifter til grunn for likeverdige driftsvilkår for kommunale og private barnehagar.
5. Fjell kommune må inngå avtale med kvar privat barnehage basert på endeleg politisk vedteken modell.
6. Ordninga skal evaluerast i løpet av 2005.

Eit mindretal, Jorunn Småbrekke Gjersvik frå Senterpartiet, ynskte å ha med eit punkt 7 som lyder slik:

7. Fjell kommune vil oppfordre alle barnehagar om å innføre pensjonsordningar for sine tilsette.

Straume, 27.08.2004

Inge Ree (s)
leiar

Vedlegg: Modell for fordeling av kommunale tilskot
Oversikt endringar i kommunale tilskot

Kilder:

Ein finn alle aktuelle dokument ved å gå inn på internettadressa [Odin.no](http://odin.no). I neste bilete går ein inn på Barnehagereformen. Ein kjem då inn på Barne- og Familiedepartementet sine sider. Dei viktigaste dokumenta er:

- Fakta om barnehageøkonomi.
- Stortingsmelding nr 24 om barnehagar.
- Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.
- Merknader til forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.
- Forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i forhold til offentlege tilskot.
- Merknader til forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i forhold til offentlege tilskot.
- Rettleiar til praktisering av kravet om likebehandling i kommunane
- Rundskriv Q-02 /2004 – Statstilskot til drift av barnehagar

**SAKSDOKUMENT**

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
066/04	Komite for finans og forvaltning	24.08.04
110/04	Kommunestyret	30.09.04

Utbygging av barnehagar**Samandrag av saka:**

Saka gjeld utbygging av barnehagar for å få full behovsdekning i 2005 i tråd med Stortinget og regjeringa si målsetting. Kommunane har no, etter barnehagelova, plikt til å sørge for at det finst eit tilstrekkeleg tal barnehageplassar. I Fjell kommune dekkjer kommunal drift i dag 1/3 av barnehagetilbodet i kommunen. Det er ønskjeleg å auke den kommunale andelen slik at det vert om lag 50-50 mellom private og kommunale tilbod med ei behovsdekning på 90% av barnetalet 0-5 år. Rådmannen gjer på dette grunnlaget framlegg om å be Fjell Bustadstifting bygge 5 nye kommunale barnehagar med kapasitet til 500 plasser. Ein vil kome attende til sak om driftsutgifter når barnehagane er planlagt. Det er ein føresetnad at staten dekkjer meirkostnadene slik Stortinget har føresett.

Innstilling:

Fjell kommunestyre ber Fjell Bustadstifting om å planleggja 5 nye kommunale barnehagar med samla kapasitet på 500 plasser i områda Ågotnes, Ulveset/Fjell, Litle Sotra og Knappskog/Kolltveit.

Straume, den 07.07.04

Steinar Nesse
Konst. rådmann

Willy Sørensen
Plan- og utbyggingssjef

Handsama i Komite for finans og forvaltning - 24.08.2004:

Georg Indrevik (FrP) ba om å få tilført følgjande

Protokolltilførsel:

”Fremskrittspartiet vil rette sterk kritikk mot dei føringane som administrasjonen har lagt inn i samandraget til saka. Vi ber rådmannen innskjerpe overfor sakshandsamarane at alle saksutgreiingar skal innehalde faktaopplysningar og ikkje politiske føringar.”

Framlegg frå Georg Indrevik (FrP)

1. Fjell kommunestyre ber administrasjonen utarbeida det nødvendige grunnlagsmaterialet med minst moglege bindingar, for bygging av 5 nye barnehagar med ein samla kapasitet på 500 plassar i området Ågotnes, Ulveset/Fjell, Litlesotra og Knappskog/Kolltveit.
2. Bygging og drift av barnehagane vert deretter sendt ut på anbod.

Framlegget fekk 3 røyster, FrP, og fall.

Framlegg frå Lars Lie (H):

1. Fjell kommunestyre ber Fjell Bustadstifting om å planleggje *inntil* 5 nye kommunale barnehagar med samla kapasitet på 500 plassar i områda Ågotnes, Ulveset/Fjell, Litlesotra og Knappskog/Kolltveit.
2. Dette skal samordnast med og ikkje hindre dei initiativa som vert tekna for å byggja private barnehagar fram til utgangen av 2005, då ein skal ha full behovsdekning.

Det vart røysta alternativt over dette framlegget og følgjande:

Fellesframlegg frå AP, KrF og SL v/Espen Strømme

1. Fjell kommune må sørgje for full barnehagedekning innan utgangen av 2005.
2. Fjell kommune ber Fjell Bustadstifting om å planleggje og byggje 5 nye barnehagar i områda Ågotnes, Ulveset/Fjell, Litlesotra og Knappskog/Kolltveit.
3. Fjell kommune skaffar fram ei oversikt til neste møte kor mange private som vurderer å byggje barnehage.

Lars Lie (H) sitt framlegg fekk 4 røyster, H og FrP

Fellesframlegget fekk 5 røyster, AP, KrF og SL.

Rådmannen si innstilling vart ikkje oppretthalden

Tilråding i Komite for finans og forvaltning - 24.08.2004:

Kommunestyret vedtek:

1. Fjell kommune må sørgje for full barnehagedekning innan utgangen av 2005.

2. Fjell kommune ber Fjell Bustadstifting om på planleggje og byggje 5 nye barnehagar i områda Ågotnes, Ulveset/Fjell, Litlesotra og Knappskog/Kolltveit.

Vedtak i Komite for finans og forvaltning – 24.08.2004:

Fjell kommune skaffar fram ei oversikt til neste møte kor mange private som vurderer å byggje barnehage.

Handsama i Komite for finans og forvaltning - 24.08.2004:

Georg Indrevik (FrP) ba om å få tilført følgjande

Protokolltilførsel:

”Fremskrittspartiet vil rette sterk kritikk mot dei føringane som administrasjonen har lagt inn i samandraget til saka. Vi ber rådmannen innskjerpe overfor sakshandsamarane at alle saksutgreiingar skal innehalde faktaopplysningar og ikkje politiske føringar.”

Framlegg frå Georg Indrevik (FrP)

3. Fjell kommunestyre ber administrasjonen utarbeida det nødvendige grunnlagsmaterialet med minst mogleg bindingar, for bygging av 5 nye barnehagar med ein samla kapasitet på 500 plassar i området Ågotnes, Ulveset/Fjell, Litlesotra og Knappskog/Kolltveit.
4. Bygging og drift av barnehagane vert deretter sendt ut på anbod.

Framlegget fekk 3 røyster, FrP, og fall.

Framlegg frå Lars Lie (H):

3. Fjell kommunestyre ber Fjell Bustadstifting om å planleggje *inntil* 5 nye kommunale barnehagar med samla kapasitet på 500 plassar i områda Ågotnes, Ulveset/Fjell, Litlesotra og Knappskog/Kolltveit.
4. Dette skal samordnast med og ikkje hindre dei initiativa som vert tekna for å byggja private barnehagar fram til utgangen av 2005, då ein skal ha full behovsdekning.

Det vart røysta alternativt over dette framlegget og følgjande:

Fellesframlegg frå AP, KrF og SL v/Espen Strømme

4. Fjell kommune må sørgje for full barnehagedekning innan utgangen av 2005.
5. Fjell kommune ber Fjell Bustadstifting om på planleggje og byggje 5 nye barnehagar i områda Ågotnes, Ulveset/Fjell, Litlesotra og Knappskog/Kolltveit.
6. Fjell kommune skaffar fram ei oversikt til neste møte kor mange private som vurderer å byggje barnehage.

Lars Lie (H) sitt framlegg fekk 4 røyster, H og FrP
Fellesframlegget fekk 5 røyster, AP, KrF og SL.

Rådmannen si innstilling vart ikkje oppretthalden

Tilråding i Komite for finans og forvaltning - 24.08.2004:

Kommunestyret vedtek:

3. Fjell kommune må sørge for full barnehagedekning innan utgangen av 2005.
4. Fjell kommune ber Fjell Bustadstifting om på planleggje og byggje 5 nye barnehagar i områda Ågotnes, Ulveset/Fjell, Litlesotra og Knappskog/Kolltveit.

Vedtak i Komite for finans og forvaltning – 24.08.2004:

Fjell kommune skaffar fram ei oversikt til neste møte kor mange private som vurderer å byggje barnehage.

Handsama i Kommunestyret - 30.09.2004:

Tore Lønøy opprettheld komite for finans og forvaltning sitt mindretalsframlegg såleis:

1. Fjell kommunestyre ber Fjell Bustadstifting om på planleggje inntil 5 nye barnehagar med samla kapasitet på 500 plassar i område Ågotnes, Ulveset/Fjell, Litlesotra og Knappskog/Kolltveit.
2. Dette skal samordnast med og ikkje hindre dei initiativa som vert tekne for å byggja private barnehagar fram til utgangen av 2005, då ein skal ha full barnehagedekning.

Framlegget fekk 19 røyster og fall (FrP og H.)

Framlegg frå John Morten Øvrebø (SV) til punkt. 3:

”Barnehageplan etter plan og bygningsloven skal utarbeidast av komite for plan og utvikling med partsamansett utval som styringsgruppe.”

Fellesframlegg frå AP, KrF, SL og SP v/Kirsten Kjølén til punkt 3:

” Det vert oppretta eit politisk utval som skal samordna utbygginga av private og offentlege barnehagar med tanke på full behovsdekning innan utgangen av 2005.

Utvalet får denne samansetjinga: 3 personar frå komite for finans og forvaltning

1 person frå komite for drift

1 person frå komite for plan og utvikling.”

Det vart røysta alternativt over John Morten Øvrebø sitt framlegg og fellesframlegget med følgjande resultat:

John Morten Øverbø sitt framlegg fekk 3 røyster (SV)

Fellesframlegget fekk 42 røyster (AP, FrP, H, KrF, SL, og SP)

Komite for finans og forvaltning si tilråding

Pkt. 1 vart vedteken samrøyster

Pkt. 2 vart vedteken med 26 mot 19 røyster (FrP og H røysta imot)

Oversendingsframlegg

Frå Georg Indrevik (FrP)

”Kommunestyret ber komite for drift om å utgreia behovet for og konsekvensane ved eit tilbod om 24 timar opningstid i barnehagen.”

Framlegget vart samrøystes oversendt komite for drift.

Oversendingsframlegg

Frå Svein Bergh (SL):

” Kommunestyret ber om at komite for finans og forvaltning får seg førelagt ei sak der det vert klargjort korleis Bustadstiftinga føreheld seg til - og handterer lov om offentleg anskaffelse.”

Framlegg vart samrøystes oversendt komite for finans og forvaltning.

Vedtak i Kommunestyret - 30.09.2004:

Kommunestyret vedtek:

1. Fjell kommune må sørgje for full barnehagedekning innan utgangen av 2005.
2. Fjell kommune ber Fjell Bustadstifting om på planleggje og byggje 5 nye barnehagar i områda Ågotnes, Ulveset/Fjell, Litlesotra og Knappskog/Kolltveit.
3. Det vert oppretta eit politisk utval som skal samordna utbygginga av private og offentlege barnehagar med tanke på full behovsdekning innan utgangen av 2005.
Utvalet får denne samansetjinga: 3 personar frå komite for finans og forvaltning
1 person frå komite for drift
1 person frå komite for plan og utvikling.

Saksopplysningar:

Innleiing

Eit av hovudmåla i Stortinget sitt barnehageforlik frå 2002 er full behovsdekking i løpet av 2005. Med full behovsdekking meiner ein at alle familiar som ønskjer det, skal få tilbod om barnehageplass. Målsetjinga om full behovsdekking vil berre kunne bli nådd om kommunane planlegg og legg til rette for utbygging av barnehagar. Staten på si side har lagt til rette med gunstige investeringstilskot, statleg driftstilskot og skjønsmidlar som er basert på gjennomsnittlege kostnader for å bygge og drive barnehagar. I barnehagelova § 7, 2. ledd er det også frå juni 2003 nedfelt ei plikt for kommunane til å ha full behovsdekning:

”Kommunen har plikt til å sørge for at det finnes et tilstrekkelig antall barnehageplasser for barn under opplæringspliktig alder.”

Innføring av maksimalpris til 2750 kr per måned frå 1. mai 2004 for ein heil plass gjer barnehagane til eit meir tilgjengeleg tilbod for barnefamiliane. Frå 1. august 2005 er det venta at maksimalprisen ytterlegare vert senka til 1750 kr per måned. Ein ventar då at etterspurnaden etter barnehageplassar vil auke ytterlegare.

Barnehageavtalen på Stortinget legg til grunn at full behovsdekning vil vera nådd når 244.000 barn har plass i barnehage. Dette tilsvarar ei dekning på 80% for barn i alderen 1-5 år. Full behovsdekning er difor eit mål som kommunen er utfordra til å nå innan 01.01.2006.

Situasjonen i Fjell kommune

Det er 9 kommunale og 27 private barnehagar i Fjell. Av dei 9 kommunale barnehagane er 8 heildagsbarnehagar (opne over 41 timar i veka) og ein korttidsbarnehage. Dei private barnehagane utgjer 6 heildagsbarnehagar, 6 korttidsbarnehagar og 15 familiebarnehagar som er heildagsbarnehagar. Plassar i heildagsbarnehagar vert også nytta som korttids plassar for barn, med to barn som delar ein plass. Plasseringa av barnehagane med unnatak for familiebarnehagane er vist i vedlegg 1.

Barnehagane tek inn barn mellom 10 månader og 5 år. Det året barna fyller 6 år vert dei overførte til skule frå hausten.

Barn i barnehagar. Endringstal frå 15.12.02 til 01.08.04:

Dato	Barn/priv barnehage	Barn/kom barnehage	Barn totalt	Barn heiltid	Barn korttid	Under 3 år	Over 3 år
15.12.02	710	362	1072	582	490	269	803
15.12.03	748	375	1123	634	489	259	864
01.08.04	714	381	1095	775	320	490	605

Tal barn i barnehagane er per 01.08.04 fordelt med 65% barn i dei private barnehagane og 35% i dei kommunale. Til samanlikning er fordelinga på landsbasis 42% i private tiltak og 58% i kommunale .

Per 01.08.04 viser registreringstala ei mindre nedgang i tal barn, men det er 141 fleire som har heildagsplass og 169 færre som har korttids plass. Auken i heiltids plassar er fanga opp av ny privat barnehage på Ågotnes og ny kommunal avdeling på Bjørøy Oppvekstun som begge opna i haust. Tal barn under 3 år har auka med 231 (89%) og barn over 3 har minka

med 259 (30%). I barnehagane vert det skilt mellom barn over og under 3 år. Desse to alderskategoriane har ulikt statlege tilskot og krav til tal pedagogisk personale (førskulelærarressurs).

Berekning av behovsdekninga har hatt ulike prosentvise utgangspunkt dei siste åra etter Barne- og familiedepartementet sine normer. For 2003 var departementet sin norm for full behovsdekning sett til 70% av det samla barnetalet i den aktuelle aldersgruppa. For Fjell svarte dette til 81% behovsdekning av eit barnetal på 1391.

For 2004 har departementet sett full behovsdekning til 80% og dekningsgraden skal dermed reknast ut frå 80% av det aktuelle barnetalet i kommunen. Dekningsprosenten per 01.08.04 vert etter dette 69% av eit barnetal på 1590. Full dekning krev etter dette ca 500 nye plassar.

Per 01.08.04 har barnehagene i desse områda slike barnetal:

Nordre Fjell	220
Midtre Fjell	197
Vestre Fjell	68
Litle-Sotra og Bildøy	570
Bjørøy	40
Sum	1095

I kommunen er det 377 barn på venteliste til barnehagane hausten 2004. Søknadene fordeler seg til barnehagar i desse områda:

Ågotnes	65
Kolltveit	16
Ekerhovd/Lie	21
Møvik/Ulveset/Fjell	67
Litle-Sotra og Bildøy	200
Bjørøy	8
Sum	377

Nokre av søknadene gjeld familiebarnehagar som ligg spreidd. Ventelista inneheld berre søknader til heildagsbarnehagar. Det er ikkje venteliste til korttidsbarnehagar. Det er ein aukande tendens til at barn som har korttids plass i heildagsbarnehagar vert søkt inn til heiltids plass. Av søkjarane er 197 under 3 år og 180 over 3 år. Det er ofte ikkje samsvar mellom områda der søkjarane bur og der dei søker barnehageplass. Dette har som regel samanheng med kva den einskilde familie har mest praktisk nytte av i samband med arbeidsreiser etc. Det er 275 søkjarar til kommunale barnehagar og 102 til dei private.

Det er god grunn til å tru at lågare foreldrebetaling for heildagsplassar (maksimalprisen) neste år vil gje ein auke i søknadsmassen og at behovet for plassar vil visa seg å vera meir enn 80%. Det er ein aukande tendens både i kommunen og på landsbasis at barn som har korttids plass vert søkt over i heiltids plass. Venteliste og auke i etterspurnad etter heiltidsplasser viser at det er viktig å kome fort i gong med utbygging av nye tilbod.

Foreldrebetaling

Innføringa av maksimalpris etter barnehageforliket i Stortinget gjer at barnehageplassane vert meir økonomisk tilgjengeleg for barnefamiliane og vil føre til større etterspurnad. Frå 1. mai

i år er maksimalgrensa for foreldrebetalinga 2.750 kr per måned for ein heiltidsplass. På årsbasis kan betalinga maksimalt utgjere 30.250 kr. Dette svarar til betaling med 2.750 i 11 månader. Foreldrebetalinga er med dette redusert monaleg for mange og ein ny reduksjon er forventa frå 1. august 2005 etter intensjonane i barnehageforliket. Ein barnehageplass er då forventa å kosta 1750 kroner. Det er også lagt inn søskenmoderasjon.

Barnetalsutvikling – utbygging

Fjell kan rekne med ein moderat auke i barnetalet 0-6 år fram mot 2012 trass i ein prolongert nedgang i SSB sine statistikkar for denne perioden. SSB reknar med ein nedgang i barnetalet mellom 0-6 år på 455 barn (2%) – frå 12% i 2003 til 10% i 2010. Dette må korrigierast for høg byggevekst i kommunen kombinert med tilflytting. Gjennom reguleringsplanar under arbeid, byggeområder i kommuneplanen og ledige tomter i eksisterande byggeområder er det meir enn 1600 bustader som kan byggjast. Dei største utbyggingsområda etter dette vil vera Nordre Fjell og Litle Sotra. Tek ein høgde for nye bustadområder som følgje av kommuneplanrevisjonen kan dette talet stiga ytterlegare.

I Fjell kommune bur det i dag i gjennomsnitt 2,8 personar per bustad. 1645 nye bustader som førebels er berekna, vil etter dette kunne representera 4606 personar. Ein stor del av desse familiane vil i byrjinga vera småbarnsfamiliar. Per 01.01.2003 utgjorde barn i aldersgruppa 0-5 år 10,3% av befolkninga. I ei ny befolkning på 4606 vil dette representere 460 nye barn i denne aldersgruppa. Oversyn over planlagde bustader i Fjell kommune er vist som vedlegg 2.

Fordeling mellom private aktørar og kommunen

Kommunen er øvste styringsorgan for barnehagesektoren og har plikt til å sørgje for at det er eit tilstrekkeleg tal barnehageplassar. Den har også ansvar for samordna opptak og at private og kommunale tilbod vert handsama økonomisk likt. Ut frå dette er det viktig at kommunen sjølv har ein tilstrekkeleg plasskapasitet som verkemiddel i samband med full behovsdekning og ulike behov i brukargruppa og for å kunne utvikle driftserfaring og økonomiske standarder. I dag er fordelinga av barnehagetilboda 35% kommunale tilbod og 65% private tilbod. Fordelinga mellom kommunal og privat bør ideelt vera like stort ut frå eit likskapsprinsipp. Kommunen bør også vera offensiv ut frå prinsippet om ansvar for behovsdekning og styring av sektoren m.o.t. økonomi og opptak. Slik situasjonen er i dag må Fjell ha rundt 500 nye plasser for å kome opp i 80% behovsdekning.

Vurdering

Fjell har behov for ca 500 nye barnehageplassar for å få ei behovsdekning på 80%. Det er rimeleg å forventa at full behovsdekning vil vera over 80% når foreldrebetalinga vert seinka frå august neste år, slik barnehageforliket legg opp til. Rådmannen meiner difor at ein må ta høgde for at full behovsdekning vil liggja nærare 90%, dvs. 1788 barn, som representerer ca 700 nye plasser. Av dette bør kommunen sin andel vera ca 500 plasser ut frå ei 50-50 fordeling mellom kommune og private aktørar.

Barnehagar bør i prinsippet byggjast der folk bur. Det synes likevel at det ofte er arbeidsreisa som er styrande for kva barnehage som foreldra vel. Det er difor avgjerande å plassera nye kommunale barnehagar i samsvar med dekningsgrad og arbeidsreisene til dei føresette. I praksis vil dette bety plasseringar langs dei viktigaste vegane til hovudarbeidsplassane. Dei strategiske vala i høve lokaliseringa må vidare ta utgangspunkt i barnetalsvekst, utbyggingsområder og ventelister. Ut frå desse faktorane meiner rådmannen at kommunen bør etablere 5 nye barnehagetilbod med kapasitet på omlag 100 plasser kvar. Ein av desse bør

vera på Ågotnes, ein i området Skålvik -Ulveset - Fjell, ein i området Knappskog/Kolltveit og to på Litle Sotra. Barnehagetilbodet på Bjørøy må vurderast særskilt. Den resterande behovsdekninga bør kunne dekkjast av private aktørar. Rådmannen er kjend med at det er fleire private interessenter som har målbert tankar om bygging av barnehagar.

Den nye forskrifta om likeverdige driftsvilkår for private og kommunale barnehagar gjer at nye kommunale barnehagebygg må byggast så rimeleg som mogleg. Alle fordyrande kostnader vil i neste omgang kunne føre til høgare utbetaling av kommunale tilskot til private barnehagar eller reduksjon av kvaliteten i dei kommunale barnehagene. Ein vil med andre ord kunne få ein dobbel og negativ kostnadseffekt for kommunen.

Rådmannen vil peike på at Fjell Bustadstifting har lang erfaring med innhenting av tilbod på nye bygg. Sjølv om dette til no har vore bustadbygg kan stiftinga etter vedtektene eige og drive servicebygg. Kommunen vil dermed unngå ressursbruk i plan og byggefasen. Når bygga er ferdige vil kommunen betale husleige på vanleg måte til Fjell Bustadstifting. Dette vil gjere dei kommunale kostnadene meir oversiktlege med tanke på å rekne ut likeverdig behandling av private og kommunale barnehagar.

Ein vil kome attende til sak om driftsutgifter når barnehagane er planlagt. Rådmannen vil også vise til at Stortinget har lagt til grunn at staten skal dekkje alle meirkostnader knytt til barnehagereforma. Det er ein klår føresetnad at kommunane ikkje skal nytte meir midlar til barnehagar enn dei gjorde i 2002.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
125/04	Komite for finans og forvaltning	07.12.04
382/04	Komite for plan og utvikling	07.12.04
157/04	Kommunestyret	16.12.04

Retningslinjer for barnehageutbygginga

Samandrag av saka:

Utval for samordning av barnehageutbygginga legg fram rapport om retningslinjer for utbygging av barnehagar. Utvalet har først prioritert arbeidet med retningslinjene av to grunner: 1. Gje Komite for Plan og Utvikling eit betre grunnlag til å handsame innkomne søknader om barnehagetomter. 2. Sikre at nye tomter kjem inn i kommunedelplanen for Straumeområdet og i kommuneplanen. Utvalet held fram arbeidet sitt. Mellom anna skal dei aktørene som har vist interesse for å byggje barnehage i Fjell bli kalla inn til nærare samtalar.

Innstilling:

Komite for Komite for Finans og Forvaltning gjev slik tilråding:

1. Kommunestyret tek rapport om retningslinjer for barnehageutbygginga til etterretning.
2. Kommunestyret sender retningslinjene for barnehageutbygginga over til Komite for Plan og Utvikling og ber komiteen nytte retningslinjene som grunnlag for plassering av nye barnehagar.

Straume, den 26.11.2004

Steinar Nesse
konst. rådmann

Trond Birkelund
rådgjevar

Handsama i Komite for plan og utvikling - 07.12.2004:

Saka vart trekt frå sakskartet og vart ikkje handsama av komite for plan og utvikling.

Tilråding/Vedtak i Komite for plan og utvikling - 07.12.2004:

Handsama i Komite for finans og forvaltning - 07.12.2004:

Framlegg frå Jarle Syltøy (SL):

Pkt. 1 i innstillinga vert endra slik:

1. Kommunestyret tek rapport om retningslinjer for barnehageutbygginga til orientering.

Framlegget fekk 6 mot 4 stemmer og vart vedteke.

Mindretalet: Marianne Bjoroy, Alvhild Berge, Inge Ree, Eivind Algrøy.

Espen Strømme forlet møtet før avstemminga.

Tilråding i Komite for finans og forvaltning - 07.12.2004:

Komite for Komite for Finans og Forvaltning gjev slik tilråding:

1. Kommunestyret tek rapport om retningslinjer for barnehageutbygginga til orientering.
2. Kommunestyret sender retningslinjene for barnehageutbygginga over til Komite for Plan og Utvikling og ber komiteen nytte retningslinjene som grunnlag for plassering av nye barnehagar.

Handsama i Kommunestyret - 16.12.2004:

Framlegg frå Inge Ree (KrF) til nytt pkt. 1:

”Kommunestyret godkjenner retningslinjer for barnehageutbygginga i Fjell kommune..”

Framlegget vart **vedteke med 41 mot 4 røyster**. (Bjørn Rathem, Anita Fossheim, Roy Eddy Lie og Dan Solsvik frå Høgre røysta imot.)

Pkt. 2 i komite for finans og forvaltning vart **vedteke samrøystes**.

Vedtak i Kommunestyret - 16.12.2004:

1. Kommunestyret godkjenner retningslinjer for barnehageutbygginga i Fjell kommune.
2. Kommunestyret sender retningslinjene for barnehageutbygginga over til Komite for Plan og Utvikling og ber komiteen nytte retningslinjene som grunnlag for plassering av nye barnehagar.

Dokument i saka:

19.10.04	Innkalling første møte i politisk utval for samordning av barnehageutbygginga	Til medlemene
29.10.04	Referat frå møte 25.10.2004	Medlemene i utval for samordning av barnehageutbygginga
29.10.04	Notat - utfyllande informasjon om private aktører sine prosjekt	TRBI
29.10.04	Innkalling til møte 01.11.2004	Medlemene i Utval for samordning av barnehageutbygginga
03.11.04	Referat frå møte 01.11.2004	Medlemene i utval for samordning av barnehageutbygginga
04.11.04	Lysark framlagt i møte i utvalet 01.11.2004	TRBI
08.11.04	Innkalling til møte 8. november 2004	Medlemene i utval for samordning av barnehageutbygginga
11.11.04	Referat møte i utvalet 8. november	Til medlemene i Utval for samordning av barnehageutbygginga
22.11.04	Innkalling til møte den 24. november 2004	Til medlemene i Utval for samordning av barnehageutbygginga
23.11.04	Kriterier for barnehageutbygginga	TRBI
25.11.04	Oversikt dekning og behov for barnehagar på Litlesotra / Bildøy	TRBI
25.11.04	Rapport frå Utval for samordning av barnehageutbygginga - Retningslinjer for barnehageutbygginga	TRBI

Dokument vedlagt saka:

Rapport frå Utval for samordning av barnehageutbygginga – Retningslinjer for barnehageutbygginga

Saksopplysningar:

Kommunestyret gjorde i sak 110 / 04 den 30.09.2004 følgjande vedtak:

Kommunestyret vedtek:

1. *Fjell kommune må sørge for full barnehagedekning innan utgangen av 2005.*
2. *Fjell kommune ber Fjell Bustadstifting om på planleggje og byggje 5 nye barnehagar i områda Ågotnes, Ulveset/Fjell, Litlesotra og Knappskog/Kolltveit.*
3. *Det vert oppretta eit politisk utval som skal samordna utbygginga av private og offentlege barnehagar med tanke på full behovsdekning innan utgangen av 2005.*
Utvalet får denne samansetjinga: 3 personar frå komite for finans og forvaltning
1 person frå komite for drift
1 person frå komite for plan og utvikling.

Følgjande medlemer vart valt til Utval for samordning av barnehageutbygginga:

Inge Ree (KRF) leiar

Bjørn Tore Wilhelmsen (H) nestleiar

Alvhild Tofterå Berge (SL)

Harald Foldnes Justad (AP)

Johannes Nordland (FRP)

Vara:

Gro Heidi Skoge (KRF)

Anita Garlid Johannessen (FRP)

Utvalet, som til no har hatt 4 møte, har prioritert arbeidet med å lage retningslinjer for plassering av nye barnehagehagar i kommunen. Utvalet legg no fram sin rapport om retningslinjer for barnehageutbygginga.

Det hastar med å få på plass retningslinjer då Komite for Plan og Utvikling vil få fleire saker om godkjenning av barnehagetomter til handsaming med det første.

Lov om barnehagar gjev ikkje Fjell kommune som øvste barnehagemyndede noko styringsverktøy når det gjeld plassering og omfang av barnehagar. Ein kan i staden nytte Plan- og Bygningslova til dette føremålet og innarbeide plassering og omfang i kommuneplanen.

Utvalet vil no starte neste prosess i arbeidet. Private aktører som har meldt interesse for å byggje barnehage i Fjell og Fjell Bustadstifting vil bli innkalla til samtalar. Utvalet håper gjennom dialog å kunne få aksept for at ikkje alle kan etablere barnehage i Fjell kommune no. Det er utvalet sin intensjon at retningslinjene dei har lagt fram, og god dialog med interesserte utbyggjarar skal føre til ei styrt barnehageutbygging i Fjell.

Vurdering:

Rådmannen meiner at rapporten frå Utval for samordning av barnehageutbygginga inneheld reiskap som kan føre til at barnehageutbygginga i Fjell vert godt styrt. Retningslinjene saman med god dialog med alle interesserte partar vil vonleg føre til at ein unngår ei overetablering av nye barnehagar med påfølgjande konkursar.



Rapport frå Utval for samordning av barnehageutbygginga - Retningslinjer for barnehageutbygginga

1. Prinsipp for etablering av nye barnehagar

Det er viktig å samordne utbygging av offentlege og private barnehagar slik at desse får ei god fordeling i heile kommunen, både geografisk og i høve til busetnaden. Under planlegging må ein og ta høgd for korleis befolkningsveksten vert i kommunen. Dei fleste born vert levert av foreldre på veg til jobb eller andre gjeremål. Dei store heildagsbarnehagane bør etablerast anten i nærleiken av stader med mange arbeidsplassar eller på strekningar der mange foreldre passerer på veg til jobb. Andre mindre barnehagar kan etablerast med utgangspunkt i nærmiljøplassering.

Trong for barnehagar:

Per i dag er det i Fjell kommune omlag 1.650 born i alderen 1 – 5 år. Kommunestyret har rekna med at det er trong for barnehageplass for 90% av borna. Dette vil seie at det er trong for omlag 1500 barnehageplassar totalt i kommunen. Truleg vil vi sjå ei utvikling i retning av trong for fleire heildagsbarnehagar og færre korttids- og familiebarnehagar når prisane går ned og dekninga på heildagsbarnehagar vert betra.

Av dei 1500 plassane vil truleg heildagsbarnehagane dekke omlag 1300 plassar eller meir.

Born under tre år vert rekna som to i høve til bemanning i heildagsbarnehagane. Dette må ein korrigere for når ein skal rekne behov for nye barnehagar. Enkelte barnehagar held og på eller har planar om utviding. Kva som skjer med kontantstøtta vil spele inn på kor mange som vil ønskje seg barnehageplass. Det er såleis ein del usikre moment når ein skal fastslå trong for nye plassar. Regjeringa sine signal om å vente med å setje ned maksprisen ytterlegare i 2005 kan og føre til at Fjell kommune si vurdering med 90% barnehagedekning kan vere noko usikker. Truleg vil det ta lengre tid før fleire nye vil ha barnehageplass. Det er likevel grunn til å tro at det er rom for 8 nye heildagsbarnehagar med gjennomsnittleg plass til 80 born i kvar innan utgangen av 2005. Kommunestyret har bestemt at det skal byggjast 5 nye kommunale barnehagar. Det er i denne omgang altså rom for 3 nye private heildagsbarnehagar.

Dersom det skal etablerast små heildagsbarnehagar med berre ei avdeling bør desse gjerast om frå korttidsbarnehagar eller familiebarnehagar, og plasserast i utkantane som nærmiljøtilbod.

Det kan vere aktuelt både å byggje nytt eller eventuelt å nytte eksisterande bygg som tidlegare har vore nytta til andre føremål både til store og små barnehagar.

Nye barnehagar som satsar på nytt og spanande innhald som vil gje eit meir variert barnehagetilbod bør prioriterast.

2. Geografisk lokalisering

Store barnehagar:

Store barnehager vert definert med 2 eller fleire avdelingar med 20 born. Nye barnehagar i kommunal regi skal ikkje ha mindre enn 4 avdelingar.

Dei store barnehagane må lokaliserast i tilknytning til områda med størst busetnad og i nær tilknytning til hovudvegnettet. Dette gjeld strekningane:

- RV555 frå Sotrabraua til Fjell gard.

- RV561 frå Koltveit til og med Ågotnes
- FV 211 frå Fjell gard til Skålvik

Barnehagane bør lokalisert med kort køyreavstand frå desse vegane.

Dei kommunale barnehagane, som skal realiserast på kort sikt, skal plasserast slik kommunestyret har bestemt med 2 på Litlesotra, 1 på Fjell / Ulveseth, 1 på Knappskog / Koltveit og 1 på Ågotnes. Dei private bør plasserast med 1 på Litlesotra, 1 på Ågotnes og 1 på strekninga Fjell – Skålvik.

Ut frå dette bør det på kort sikt i samband med kommuneplanen sin arealdel (2005 – 2012) og Kommunedelplan for Straume-området avsett areal til inntil 8 nye barnehagetomter, derav 3 på Litlesotra.

I tillegg bør det settast av areal til 6 nye store barnehagar som skal dekke trongen på litt lengre sikt. Desse bør plasserast slik: 1 på Bjørøy, 1 på Litlesotra, 1 på Vestsida, 1 på Landro / Ågotnes, 1 på Knappskog / Koltveit og 1 i Søre Fjell. I Søre Fjell bør samarbeid med Sund kommune vurderast. Arealen bør kjøpast av kommunen slik at Fjell kommune som øvste barnehageeigar for framtida betre kan styre barnehageutbygginga, jfr modell frå Stavanger.

Små barnehagar:

Små barnehagar vert definert som 1 avdeling med 18 til 25 plassar. Kommunen skal i utgangspunktet ikkje drive små barnehagar. Desse kan lokalisert i grendene der tilknytning til nærmiljøet vert prioritert. Døme på små barnehagar kan vere ombygde bustadhus eller eit ombygd bygg på ein bondegard.

Familiebarnehagar:

Familiebarnehagar skal vere eit supplement til andre barnehagar og skal primært dekkje trongen for eit tilbod for born i alderen 0 – 3 år i nærmiljøet. Familiebarnehagar bør i avgrensa grad lokalisert i "dekningsområdet" for store barnehagar. Det vil sei at familiebarnehagar for framtida helst bør etablerast i område som til dømes øyane og heilt nord og sør i kommunen. Behov for familiebarnehagar må vurderast i samband med at heildagsbarnehagane vert utbygd.

Korttidsbarnehagar:

Det er usikkert korleis korttidsbarnehagane vil klare seg i konkurransen med heildagsbarnehagane når eller dersom foreldrebetalinga vert redusert til kr 1.750. Det er allereie ein tendens til at fleire foreldre vil ha heildagsplassar til barna sine. Truleg vil ein sjå at mange born i korttidsbarnehagane vil søke plass i heildagsbarnehagane i staden. I dag er korttidsbarnehagane plassert på Hjelteryggen, Brattholmen, Foldnes, Fjell, Syltøy, Landro og på Solsvik. Liknande lokalisering som i dag kan eventuelt oppretthaldast.

3. Lokalisering / Krav til tomte for store barnehagar

Krav

- >80 meter frå kraftlinje, gjeld både inne- og utearealet
- Godt lokalklima

- Tilgang på friområde/ naturområde i gangavstand frå barnehagen
- Trygg gangveg til turområder
- Nær hovudvegnettet, men likevel skjerma for trafikk
- Trygt i høve naturgejevne tilhøve (skrentar, myr m.m.)
- Ikkje i tilknytning til anna verksemd som kan generere tungtrafikk, støy, støv/ forureining og anna som vil få ein uheldig faktor for drift av barnehage (ei eventuell evakuering av barn i ein barnehage tek tid)
- Unngå område med høge verdier av radon

Retningslinjer for vurdering av kvalitet på lokalisering

- Gode soltilhøve
- Le for vind
- Utfordrande utemiljø
- Trygge trafikktilhøve
- Ikkje plassering inne i bustadfelt, men ved innkøyring til bustadfelt/ bustadområde

Gjerne plassering slik at sambruk av lokale med til dømes ein skule vil vere mogleg. Kan spare kapitalkostnader.

4. Detaljplanlegging

All utbygging av barnehagar bør skje i medhald av regulerings- eller utbyggingsplan etter plan- og bygningslova, slik at ein sikrar lokal medverknad og kvalitet i planlegginga.

Ein barnehagetomt skal mellom anna gje plass til:

- Sjølv bygget
- Uteareal - minimum 6 x inneleikeareal til reellt uteopphaldsareal/ leik
- Parkering for personale
- Parkering, plass til av/ påstigning ved henting/ levering

Vegar til / frå barnehagen skal vere av god kvalitet slik at trafikken ved henting og levering kan avviklast på forsvarleg vis.

For ein 4 avdelingsbarnehage bør tomten vere omlag 4000m².

Straume, 24.11.2004

Inge Ree (s)
leiar


Trond Birkefjord
sekretær